



DET PSYKOLOGISKE FAKULTET



*Trivsel i dei Seine Barneåra:
Ei empirisk Undersøking av Stabilitet i Livstilfredsheitsrapportar,
og Prediksjon av Livs- og Skuletilfredsheit frå Separate Kjelder til
Sosial Støtte Kontrollert for Sosioøkonomisk Status.*

HOVUDOPPGÅVE

profesjonsstudiet i psykologi

Linda Katrin Engesæth

Haust 2007

Abstract

The overall purpose of the present study was to increase the knowledge about satisfaction in late childhood. The data analysis was based on a three-year survey study including 1153 children, 10 – 12 years old. The data collections were conducted from November 2004 to November 2006. Three research questions were examined. Research Question 1 examined the absolute and relative stability in life satisfaction reports. It was found that boys and girls were about equally satisfied with their lives when 10 – 12 years old, they experienced moderate to highly stable judgments of life satisfaction during the examined two years period, and the level of life satisfaction were generally high. Research Question 2 examined self reported social support (from parents and teacher) as predictors of 1) life satisfaction, and 2) school satisfaction. Social support was a good predictor for satisfaction. Parental support was the strongest predictor for life satisfaction, whereas teacher support was the strongest predictor of school satisfaction, even after controlling for SES. The results indicate that separating between different sources of social support made a valuable contribution. Generally, Research Question 3 showed that SES was weakly related to satisfaction. Subjective SES was a better predictor than FAS. This result is consistent with the idea that SES consists of several components.

Samandrag

Det overordna føremålet med studien var å auke kunnskapen om tilfredsheit i dei seine barneåra. Datagrunnlaget var ei tre års longitudinell surveyundersøking som inkluderte 1153 barn i alderen 10 - 12 år. Datainnsamlingane vart gjennomført i tidsrommet november 2004 til november 2006. Tre forskingsspørsmål vart undersøkt. Forskingsspørsmål 1 undersøkte absolutt og relativ stabilitet i livstilfredsheitsrapportar. Det vart funne at gutar og jenter var omlag like tilfreds med livet når dei var 10 - 12 år, dei opplevde moderat til høg grad av stabilitet i livstilfredsheit over den undersøkte to års perioden, og nivået av denne var generelt høgt. Forskingsspørsmål 2 undersøkte sjølvrapportert sosial støtte (frå foreldre og lærar) som prediktor for 1) livstilfredsheit, og 2) skuletilfredsheit. Totalt sett var sosial støtte ein god prediktor for tilfredsheit. Foreldrestøtte var den viktigaste prediktoren for livstilfredsheit, og lærarstøtte den viktigaste prediktoren for skuletilfredsheit, og etter kontroll av SØS. Resultata tyder på at å skilje mellom separate kjelder som formidlar støtte var verdifullt. Forskingsspørsmål 3 viste at SØS var generelt lite relatert til tilfredsheit. Subjektiv SØS var ein betre prediktor enn FAS. Resultatet er konsistent med ideen om at SØS består av fleire komponentar.

Innhaldsliste

Abstract.....	3
Samandrag.....	4
Innhaldsliste.....	5
Liste over tabellar.....	8
Introduksjon.....	9
Livstilfredsheit.....	11
Omgrepsavklaringar og relaterte omgrep.....	11
Teoretiske modellar om livstilfredsheit.....	14
Skuletilfredsheit.....	16
Stabilitet i Livstilfredsheitsrapportar.....	17
Sosial Støtte.....	21
Sosioøkonomisk Status.....	24
Føremål og Forskingsspørsmål.....	25
Metode.....	28
Design og Utval.....	28
Surveyprosedyre.....	29
Måleinstrument.....	29
Student's Life Satisfaction Scale (SLSS).....	29
Skuletilfredsheit.....	30
Foreldrestøtte.....	30
Lærarstøtte.....	31

The Family Affluence Scale (FAS).....	31
Subjektiv SØS.....	31
Statistiske Prosedyrar.....	32
Resultat.....	34
Deskriptive Analysar.....	34
Stabilitetsanalysar.....	35
Absolutt stabilitet.....	35
Relativ stabilitet.....	35
Korrelasjonar.....	36
Regresjonsanalyse.....	37
Prediksjon av livstilfredsheit – total modell og unikt bidrag frå sosiale støttevariablar.....	37
Kontroll av SØS for prediksjon av livstilfredsheit frå sosiale støttevariablar.....	38
Prediksjon av skuletilfredsheitt – total modell og unikt bidrag frå sosiale støttevariablar.....	38
Kontroll av SØS for prediksjon av skuletilfredsheit frå sosiale støttevariablar.....	39
Diskusjon.....	40
Stabilitetsanalysar.....	40
Absolutt stabilitet.....	40
Relativ stabilitet.....	42

Generell diskusjon av stabilitet.....	43
Prediksjon av Tilfredsheit frå Totalmodell av Sosial Støtte.....	44
Prediksjon av Livstilfredsheit frå Separate Kjelder til Sosial Støtte.....	45
Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Separate Kjelder til Sosial Støtte.....	46
Oppsummering av Prediksjon av Tilfredsheit frå Sosial Støttevariablar.....	47
SØS, Tilfredsheit, Sosial Støtte.....	47
Metodiske Vurderingar.....	51
Konklusjonar, Implikasjonar og Anbefalingar for Vidare Forsking.....	52
Referansar.....	55
Tabellar.....	63
Appendiks: Utdrag frå SCEAS surveyen.....	71

Liste over tabellar

1.	Deskriptiv Statistikk for Livstilfredsheit ved alle Måltidspunkta (2004-2006) og dei andre Variablane ved det Første Måletidspunktet.....	63
2.	Klasseskilnadar i Gjennomsnittslivstilfredsheitsskåre Separat for Gutar og Jenter.....	64
3.	Pearson's Råkorrelasjonskoeffisientar og Korrigerte Korrelasjonskoeffisientar mellom Livstilfredsheitsskårar ved Ulike Måletidspunkt.....	65
4.	Pearson's Korrelasjonskoeffisientar for Kriterium-, Kontroll- og Prediktorvariablar.....	66
5.	Standard Multipel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Livstilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar.....	67
6.	Hierarkisk Multipel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Livstilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar etter Kontroll av SØS.....	68
7.	Standard Multipel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar.....	69
8.	Hierarkisk Multipel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar etter Kontroll av SØS.....	70

Introduksjon

Dei fleste ungdommar oppgjev å vere godt fornøgd med livet, og over gjennomsnittleg tilfreds med skulen (Huebner, Valoris, Paxton & Drane, 2005). Trass i at empiriske undersøkingar kan vise til ei overvekt av ”positivitet” i kvardagen (Diener & Diener, 1996; Myers, 2000; Seligman & Csikszentmihalyi, 2000), har studiet av ”det gode liv”, trivsel og velvære for alle individ vore neglisjert frå psykologien, særskild dei siste 60 åra. Den vitskapelege kliniske psykologien har hovudsakleg vore oppteken av patologi og aversive forhold. Det var som ein reaksjon på denne ubalansen mellom faktiske forhold i kvardagen og forskingsfokus innan klinisk psykologi at positiv psykologi vaks fram (Seligman & Csikszentmihalyi). I følgje Gable og Haidt (2005, s 104) er positiv psykologi ”the study of the conditions and processes that contribute to the flourishing or optimal functioning of people, groups and institutions.” Bodskapen til positiv psykologi er at psykologien ikkje berre er studiet av patologi, veikskapar og skade, men bør og vere studiet av styrke og vekst (Seligman & Csikszentmihalyi). Målet er å fremme livskvalitet for alle individ - ikkje berre individ som er i risikosona, eller som alt har vist psykopatologiske tilstandar eller teikn på dette (Huebner, 2004).

Trivsel og velvære hjå born og ungdom har vore eit særskild neglisjert forskingsområde. Noko av årsaka til dette har skuldast mangel på måleinstrument som er passande for desse aldersgruppene (Gilman & Huebner, 2003). Vanlege indikatorar på helse, som dødelegheit og førekomst av sjukdom, gjev relativt avgrensa informasjon om born og ungdom ettersom desse gruppene vanlegvis skårar lågt på desse måla (Klepp, Aarø & Rimpelä, 1997). I følgje positiv psykologi bør omgrep, teoriar og måleinstrument

reflektere heile breidda i mennesket sin funksjon. Teoriar og målingar relatert til velvære krev difor omgrep og måleinstrument som tappar nærvær av personleg styrke, ikkje berre fråvære av psykopatologiske symptom (Huebner, 2004). Livstilfredsheit er eit omgrep som kan vere med på å dekke dette behovet då det omfattar full breidde i tilfredsheit (frå svært låg til svært høg). Ei stor føremonn knytt til livstilfredsheit er utvikling av måleinstrument som er tilpassa born og ungdom (Huebner, 1991). I tråd med målsetjinga til positiv psykologi har empiriske studiar vist at høg tilfredsheit er assosiert med både høgare adaptiv fungering og fordelar knytt til mental helse hjå ungdommar (Gilman & Huebner, 2006; Verkuyten & Thijs, 2002).

Sett frå eit førebyggjande perspektiv, verkar høg tilfredsheit å ha positive effektar på patologi og åtferdsproblem (Gilman & Huebner, 2003). Ettersom helsefremmande vanar vert grunnlagt tidleg i livet vert barne- og ungdomsåra ei svært viktig periode i livet for utvikling av helse. Epidemiologisk forskning har vist at ei rekke åtferdsmønstre aukar risikoen for sjukdom. Likeeins kan åtferd disponere for god helse og eit langt liv (Klepp et al., 1997). Tanken er at tilrettelegging for utvikling av tilfredsheit og velvære allereie tidleg i livet kan førebyggje patologi seinare i livet. Effekten av førebyggjande tiltak vert vanlegvis størst dersom tiltak vert sett i verk tidleg (Mathiesen et al., 2007).

Det er derimot ikkje meininga å hevde at trivsel og velvære bør all erstatte forskning på patologi. Tal frå WHO tyder på at 10 - 20 % av born og ungdom i Europa har ein eller fleire mentale problem eller åtferdsproblem (WHO, 2003). Derimot har forskning vist at tilfredsheit er ein svært sentral psykologisk karakteristikk (Seligman & Csikszentmihalyi, 2000), og fleire vil hevde at tilfredsheit har ein verdi i seg sjølv (Gilman & Huebner, 2006; Verkuyten & Thijs, 2002). Skal ein forstå heile mennesket, må ein også forstå denne sida ved mennesket. Dei siste åra har det vore auka fokus på ungdom, men relativt få har

undersøkt tilfredsheit hjå born ned i ti års alderen. Det er difor behov for auka kjennskap om trivsel og god psykisk helse, særskild i barneåra.


Denne studien er i tråd med eit positivt psykologisk perspektiv. Det overordna målet er å auke kunnskapen om trivsel i dei seine barneåra (10 - 12 år). I første del av studien vil stabilitet i livstfredsheit bli undersøkt. Dette for å auke forståinga av vurderingar av livstfredsheit over tid i denne aldersgruppa. I andre del av analysane vil både livstfredsheit og skuletilfredsheit bli undersøkt. Ettersom born og ungdom tilbring stadig meir tid innanfor skulesystemet vert skulen i aukande grad ein sentral kontekst for utvikling (Læringscenteret, 2003). For å fremme trivsel, og førebyggje patologi og åtferdsproblem, er det viktig å forstå kva for faktorar som er relatert til (kan predikere) nivå av livstfredsheit og skuletilfredsheit. Som menneske eksisterar ein ikkje i eit vakuum. Vi utviklast og veks i ein kontekst der mellommenneskelege relasjonar utgjer ein sentral del. Desse relasjonane tar mange former, og sosial støtte er ein slik type. Studien tar utgangspunkt i strukturelle forhold ved sosial støtte og vil undersøke separate kjelder (foreldre og lærar) som formidlar støtte for prediksjon av livstfredsheit og skuletilfredsheit. Grunna inkonsistente empiriske funn knytt til relasjonen mellom tilfredsheit og sosioøkonomisk status vil studien undersøke denne relasjonen, og ta høgde for at sosioøkonomisk status kan verke inn på samanhengen mellom sosial støtte og tilfredsheit.

Livstfredsheit

Omgrepsavklaringar og relaterte omgrep.

Livstfredsheit, subjektivt velvære og livskvalitet er ord som ofte vert nytta om kvarandre i kvardagen. Frå eit vitskapleg perspektiv er ein slik bruk av omgrep uheldig,

bl.a. med tanke på samanlikning av studiar. Dersom forskarar og andre interesserte skal forstå kvarandre, må alle vite kva andre har undersøkt empirisk, og kva andre omtalar. Figur 1 syner skjematisk korleis desse omgrepa er tenkt å relatere seg til kvarandre. Modellen er henta frå Vittersø (1998, s 15). I følgje Vittersø indikerar pilene potensiell kausal flyt, og ikkje nødvendigvis den aktuelle flyten.



Figur 1. Skjematisk oversikt over samanhengar mellom livstilfredsheit og relaterte omgrep.

Figur 1 syner at subjektivt velvære er ein av to subjektive komponentar i det overorda omgrepet livskvalitet. Vittersø (1998) definerer subjektivt velvære som "a global,

lasting and mental state of being, which is composed of perceived life satisfaction, presence of pleasant affect and absence of unpleasant affect”. Definisjonen er i samsvar med Figur 1 og spesifiserar at subjektivt velvære omfattar tre komponentar¹; livstilfredsheit, positiv affekt og negativ affekt. Livstilfredsheit vert dermed plassert som ein komponent i det meir omfattande omgrepet subjektivt velvære.

Det er fleire ulike måtar å definere livstilfredsheit på, men definisjonane vektlegg vanlegvis ei integrert vurdering av personens liv. Veenhoven (1991) definerer livstilfredsheit som ”the degree to which an individual judges the overall quality of his live-as-a-whole favorably”. Huebner definerer omgrepet som ” a global evaluation by the person of his or her life” (Huebner, Laughlin, Ash & Gilman, 1998). Definisjonane er noko ulike i sjølve utforminga, men innhaldsmessig skil dei seg ikkje stort frå kvarandre.

Diener (1984) oppfattar livstilfredsheit som ei kognitiv global vurdering. Dei affektive komponentane i subjektiv velvære relaterar han til noverande affekt. Diener, Suh, Lucas og Smith (1999) peikar på at sjølv om komponentane ofte samvarierer innhaldsmessig, og sjølv om affekt kan påverke livstilfredsheitsrapportar, må kvar av dei forståast på sin eigen måte. Dette er i tråd med Huebner (2004) som viser til at stemning og emosjonar (affekt) representerer personen sin fortløpande (”on-line”) evaluering av hendingar som oppstår i personen sitt liv, medan livstilfredsheitsrapportar refererer til meir generelle og vedvarande bakgrunnsvurderingar som omfattar livet som heilskap eller hovudområdar av livet. Det vert såleis antekt at livstilfredsheit er ein separat faktor frå positiv og negativ affekt, noko som gjev ein distinksjon mellom kognitive og affektive

¹Alternative formuleringar foreslår at subjektivt velvære omfattar både ein, to, fire og seks dimensjonar men det er modellen med tre dimensjonar, først spesifisert av Andrews og Withey (1976), som er mest utbreidd. For meir informasjon omkring utvikling av tre dimensjon modellen visast det til Vittersø (1998).

aspekt ved subjektivt velvære. Det er verdt å merke seg at Vittersø (1998) oppfattar derimot denne distinksjonen som meir komplisert enn det som vert framstilt i litteraturen, og som ikkje tilstrekkeleg empirisk validert. Dette er i tråd med at både affekt og kognisjon er viktige aspekt ved informasjonsprosessering og organisering av kunnskap, men at relasjonen mellom desse er ikkje enno fult ut forstått (Eysenck & Keane, 2005). Etersom både litteraturen og empirisk forskning skil mellom livstilfredsheit og affektive tilstandar vert subjektiv velvære, i følge Diener et al. (1999), eit generelt område av vitenskapleg interesse som livstilfredsheit fell inn under, heller enn eit spesifikt konstrukt.

Teoretiske modellar om livstilfredsheit.

Modellar som handlar om livstilfredsheit kan oppsummerast av tre konseptuelle rammeverk. Dette er to eindimensjonale modellar (global og generell livstilfredsheit), og ein multidimensjonal modell. Dei to eindimensjonale modellane er like på den måten at dei antek at ein enkelt totalskåre kan representere ulike nivå av livstilfredsheit. Modellane er ulike i høve aggregeringsmetodikk. Den generelle modellen antek at totalskåren best består av summen av tilfredsheitsrapportar på tvers av ulike livsdomene som t.d. tilfredsheit med vener, familie, skule, nabolag osv. Døme på item er; ” Eg har ein god familie”. Gyldigheit av denne type målingar avheng av at forskarane har inkludert alle viktige domene som bidreg til generell livstilfredsheit (Huebner, 2004). I kontrast til denne måten å aggregere totalskåren på, antek den globale modellen at livstilfredsheit best vert målt gjennom item som er kontekstfrie. Døme på dette er; ” Eg har eit godt liv”. Her er informantane fristilt til å skape sin eigen respons basert på sine egne unike kriterium, i staden for at kriteria vert påtvungen dei av ein forskar (Huebner).

Det multidimensjonale rammeverket nedtonar vurdering av global eller generell livstilfredsheit, og fokuserar meir på profilar av livstilfredsheit innan ulike nøkkeldomene.

Eit døme på dette er Hubener et al. (1998) sin hierarkiske livstilfredsheitsmodell. Dei tenker seg fem spesifikke 2. ordens domene (skule, familie, vener, sjølv og levevilkår). Ei føremonn med denne modellen er at den gjev meir differensiert informasjon og kan avdekke ulikskapar i spesifikke domene som vert skjult av globale rapportar. Denne modellen gjer det mogleg å skilje mellom ein person som rapporterer høg tilfredsheit med venner og familie og låg tilfredsheit med skule, frå ein person som rapporterer låg tilfredsheit med venner og familie men høg tilfredsheit med skule (Gilman & Huebner, 2003).

Eit vedvarande spørsmål i litteraturen er om global livstilfredsheit er ein årsak til eller verknad av tilfredsheit innan spesifikke domene. Nokre funn støttar hovudsakleg ein årsakssamanheng frå livstilfredsheit til domenetilfredsheit (top-down) (Judge & Watanabe, 1993; Kozma, Stone & Stones, 2000). Andre funn støttar ei kausal retning frå tilfredsheit med spesifikke domene til global livstilfredsheit (bottom-up). Heller, Watson og Ilies (2004) fann at jobb- og ekteskapeleg tilfredsheit hadde ein sterk positiv korrelasjon med livstilfredsheit, men at korrelasjonen mellom tilfredsheit med jobb og ekteskap var svak. Dette er i tråd med ein bottom-up modell. Andre forklaringar igjen fokuserar på ein tosidig kausal samanheng der tilfredsheit med eit spesifikt domene (t.d. skule) påverkar livstilfredsheit, og omvendt (Lent et al., 2005). I tillegg spesifiserar Sirgy (2002) ein horisontal spillover effekt, der tilfredsheit med eit domene påverkar tilfredsheit med eit "nabodomene". Det er behov for meir forskning som utforskar føresetnadane som påverkar styrken, samt den kausale retninga, mellom livs- og domenetilfredsheit. Ein potensiell moderator i denne relasjonen er den persiperte graden av verdi eit aktuelt domene har for individet. Det synest sannsynleg at tilfredsheit med eit høgt verdsett domene vil sterkare

relaterast til (og påverke) global livstilfredsheit, enn tilfredsheit med eit domene som er mindre verdsett (Oishi, Diener, Suh & Lucas, 1999).

Kva for modell som ein legg til grunn for å forstå livstilfredsheit påverkar måling av omgrepet (Bowling, 2004; Huebner, 2004). Størsteparten av forskinga på livstilfredsheit til dags dato bygger på den globale eindimensjonale modellen. Kva for modell som er mest brukbar i ein anvend kontekst vil framtida vise. Multidimensjonale instrument vil kunne gi profilar over tilfredsheitskårar, noko som ville kunne bidra til design og evaluering av meir individualiserte program for fremming av tilfredsheit og velvære (Gilman & Huebner, 2003). I denne undersøkinga vart den globale eindimensjonale modellen nytta som mål på livstilfredsheit, samt at det vart nytta ein skala som spesifikt målar skuletilfredsheit. Global livstilfredsheit vert heretter omtala som livstilfredsheit, medan tilfredsheit refererer til både livstilfredsheit og skuletilfredsheit.

Skuletilfredsheit.

Skulen er eit hovudområde i livet til born. Grunnlagt i teoretisk arbeid på born si livstilfredsheit vart skuletilfredsheit definert som "a subjective, cognitive appraisal of the overall positivity of school experiences" (Huebner & Gilman, 2006). Konteksten som individet utviklast i spelar ei særskild viktig rolle i å fremme adaptasjon og tilpassing (Baker, Dilly, Aupperlee & Patil, 2003). I kva for grad skulen fungerer som eit psykologisk sundt miljø og fremmer tilfredsheit er eit nøkkelspørsmål innan positiv psykologi anvendt på born. Baker et al. oppfattar skulen som eit psykologisk sundt miljø dersom skulen møter, og i passeleg grad utfordrar, borna sine utviklingsmessige behov. Dersom det oppstår ein dårleg match mellom eleven sine utviklingsmessige behov og det skulen kan tilby vil skulen truleg vere til hinder for utvikling og tilpassing (Baker et al.). På mange måtar fungerer skulen som eit tveegga sverd - skulen kan både vere ein ressurs som er med

på å fremme optimal fungering, samt ein risikofaktor som leiar til negative opplevingar og eventuell risikoåtferd (Aarø, 1997).

Nivået av skuletilfredsheit vert rapportert å over gjennomsnittleg, men generelt lågare enn for livstilfredsheit. Huebner et al. (2005) fann at nesten 21 % rapporterte å vere misnøgd med skulen (responsmogleikane ”forferdeleg”, ”ulukkeleg” eller ”hovudsakleg misnøgd”), medan 23 % rapporterte at dei var omtrent like nøgd som misnøgd. Andre har funne meir optimistiske resultat. Wold, Torsheim, Samdal og Hetland (2005) fann at 80 - 90 % av norske ungdommar treivst ”ganske” eller ”svært godt” på skulen.

I følgje Heubner og Gilman (2006) har studiar om skuletilfredsheit i hovudsak fokusert på antekne konsekvensar av skuletilfredsheit. Sjølv fann dei at høg skuletilfredsheit var assosiert med fleire positive utfall (livstilfredsheit, tilpassing, håp, intern locus of control, og gjennomsnittskaraktar) blant ungdommar. Gjennomsnittleg og høg skuletilfredsheit var i svært liten grad assosiert med psykopatologi (Huebner & Gilman). Assosiasjonar mellom høg skuletilfredsheit og positive utfall får støtte frå andre empiriske studiar (Borup & Holstein, 2006; DeSantis, 2006). Desse studiane indikerar at positiv skuletilfredsheit ikkje berre har ein verdi i seg sjølv, men er relatert til særskilde ulikskapar i psykososial og akademisk fungering. Fremming av elevane sin skuletilfredsheit skulen kan difor vere ein felles faktor som aukar både utdanningsmessige og helserelevante mål (Samdal, Wold & Torsheim, 1998). Designa på desse studiane gjer derimot kausale slutningar om retning på samanhengane umogleg.

Stabilitet i Livstilfredsheitsrapportar

For å betre forstå korleis livstilfredsheit vert vurdert over tid er studiar av stabilitet eller konsistens sentrale. Omgrepa stabilitet og konsistens vert ofte nytta om kvarandre i

litteraturen. I denne studien er det valt å nytte stabilitet, sjølv om omgrepa refererar til om lag same fenomen. Det nyttig å skilje mellom absolutt og relativ stabilitet i ein psykologisk karakteristikk. Absolutt stabilitet indikerar i kva for grad eit individ sin åtferd, eller ”absolutte” nivå på ein dimensjon, er den same på tvers av situasjonar eller tidsperiodar. Relativ stabilitet omfattar i kva for grad individ i ei gruppe beheld sin relative posisjon på ein dimensjon på tvers av situasjonar eller måleperiodar (relativ til den gjennomsnittlege verdien til utvalet som vert studert) (Alsaker & Olweus, 1992).

Forklaringar av stabilitet i livstilfredsheit tar utgangspunkt i to grunnleggande teoretiske tilnærmingar; top-down og bottom-up. Desse er relatert til ein av dei eldste debattane i psykologien; person eller situasjon (Heller et al., 2004). Top-down tilnærminga vektlegg betydinga av vide individuelle skilnadar i personlegdom og antek difor at livstilfredsheitsrapportar er svært stabile². Bottom-up tilnærminga fokuserer på situasjonar, hendingar og konteksten for å forklare livstilfredsheit, og antek difor at desse er ustabile i den grad miljøet er ustabil (Heller et al.; Schimmack & Oishi, 2005). Bottom-up modellane var innleiingsvis svært populære som forklaringar av livstilfredsheit. Tradisjonelt var forskinga på livstilfredsheit knytt til demografiske variablar og karakteristikkar ved den ”lukkelege” (Diener, 1984; Wilson, 1967), men ei rekke studiar fann derimot lite støtte for objektive eller bottom-up faktorar (Heller et al.).

Ettersom fleire studiar kunne dokumentere temporær stabilitet (Magnus, Diener, Fujita & Pavot, 1993; Vittersø, 2001), kryss-situasjonell stabilitet (Heller et al., 2004), og ein betydeleg heritabilitetskoeffisient (Lykken & Tellegen, 1996), skifta forskinga meir

²For teoriar om biologisk basert stabilitet i livstilfredsheit visast det til adaptasjonsteori og ”set-point”-tilnærming. Sjå t.d. Fujita og Diener (2005), Lucas (2007), Diener, Lucas og Scollon (2006), og Lucas, Clark, Georgellis og Diener (2003).

mot ei top-down tilnærming. Korrelasjonar mellom trekk/temperament og livstilfredsheit vert ofte tolka som støtte til synet om at subjektivt velvære primært avheng av vedvarande individuelle karakteristikkar (Costa, McCrae & Zonderman, 1987). Costa og McCrae (1980) fann at ekstraversjon og nevrotisisme forklarte delar av variansen i subjektivt velvære, og at personlegdom kunne predikere subjektivt velvære ti år seinare. Fleire nyare studiar støtter ein samanheng mellom trekk og livstilfredsheit (Fogle, Huebner & Laughlin, 2002; Vittersø, 2001).

Ein sentral veikskap til trekkbasert forskning er at prediksjonen av subjektivt velvære er sterk berre dersom langtidsnivå eller gjennomsnittlege effektar vert undersøkt. Denne typen forskning seier heller ikkje noko om korleis trekk påverkar åtferd og kognisjon, korleis trekk og miljøet gjensidig påverkar kvarandre, korleis trekk oppstår, korleis dei er lagra i nervesystemet og kva for underliggande mekanismar eller prosessar som trekket verkar gjennom. Trekk kan heller ikkje forklare innan-individuell variasjon (Diener, 1996). Annan kritikk relatert til overdriven vektlegging av trekk er at effektstorleiken ofte er liten, og at den antekne kausale samanhengen mellom personlegdom/affektiv disposisjon og livstilfredsheit ikkje er særleg godt forstått (Lent et al., 2005). Heritabilitetsstudiar som har indikert at delar av variansen i subjektivt velvære kan forklarast av genetisk variasjon (Diener), indikerer samstundes at resten av variansen må forklarast av andre forhold, som miljø (Plomin & Caspi, 1999).

Fleire forskarar synes no å helle mot eit syn der livstilfredsheitsrapportar reflekterer ein noko vedvarande trekkliknande komponent, samstundes som dei er sensitive til skiftande livssituasjonar (Diener, 1994; Huebner, 2004; Kozma et al., 2000; Suldo & Huebner, 2004). Studiar av relativ stabilitet støttar denne tolkinga. Suldo og Hubener fann ein moderat korrelasjon ($r = .57$) i livstilfredsheitsrapportane til ungdom

(gjennomsnittsalder 14.2 år) der tidsintervallet var eit år. Dette samsvarar med funn av Huebner, Funk og Gilman (2000; referert i Suldo & Huebner, 2004), som fann ein korrelasjon på 0.53 ($T = 1$ år).

Den gradvise konsolideringshypotesen kan vere med på å forklare denne moderate stabiliteten. Denne hypotesen inneberer at individet sine reaksjonstendensar og/eller kognisjonar innan eit gitt psykologisk domene (t.d. livstilfredsheit) vert konstruert over tid. Ein større grad av konsolidering av desse strukturane oppstår med auka alder. Seinare erfaringar vil difor i aukande grad bli assimilert innan alt eksisterande strukturar, noko som inneberer at erfaringar har mindre påverknad dess eldre ein er pga større grad av konsolidering. Ein vil difor forvente at stabilitetskoeffisientar for eit fiksert intervall vil vere lågare for yngre respondentar enn eldre (Alsaker & Olweus, 1992), noko Olweus (1979) har funne støtte for. Høgaste grad av stabilitet, gitt andre like tilhøve, vert forventa i periodar med lite miljø- eller modningsendringar, ettersom det er lite behov for endring i strukturar (Alsaker & Olweus).

Dei fleste er samde i at personlegdomen er mindre stabil over lengre periodar, samt at det er meir inkonsistens/variasjon i barndom enn i vaksen alder. Ein vil difor forvente at born viser mindre stabilitet i sine livstilfredsheitsrapportar over lengre tidsperiodar, samt at assosiasjonen mellom personlegdom og livstilfredsheit vil vere svakare. Empiriske funn er konsistente med dette. Assosiasjonane Fogle et al. (2002) fann hjå born/ungdom er mindre enn dei som er funne for vaksne (Magnus et al., 1993; Vittersø, 2001). Det verkar difor som sentrale personlegdomsvariablar kan forklare delar av variansen i livstilfredsheit, men at mykje varians framleis vert uforklart (Fogle et al.). Det er difor ikkje usannsynleg eller overraskande at alternative faktorar til trekk/temperament har blitt studert. Empiriske studiar har vist at både kognitive, åtferdsmessige og kontekstuelle variablar forklarte delar

av variasjon i velvære (Lent et al., 2005). I tråd med Diener (1996) og med forfatternen sitt syn bør slike studiar sjåast på som eit verdifullt bidrag til auka forståing av mekanismane og prosessane som er knytt til livstilfredsheit, sjølv om tidlegare forskning kan tyde på at personlegdom ligg i botnen.

Sosial Støtte

Fleire studiar visar til samanhengar mellom livstilfredsheit og sosial støtte (Samdal & Dür, 2001; Thakral, 2006; Young, Miller, Norton & Hill, 1995). Thakral rapporterte ein moderat samheng. Samdal og Dür fann at elevane rapporterte ein lågare livskvalitet dersom dei ikkje opplevde støtte frå læraren. Young et al. har og funne ein positiv samheng mellom ungdommar sin persepsjon av foreldrestøtte og skåren på livstilfredsheit. Når det gjeld skuletilfredsheit fann DeSantis (2006) at lærarstøtte bidrog mest til forklart varians, etterfølgt av foreldre og klassekameratar. Støtte frå venner kunne ikkje signifikant bidra til å forklare varians (DeSantis). Rosenfeld, Richman og Bowen (2000) konkluderte med skuletilfredsheit vart fremma når lærarstøtte vart persipert i kombinasjon med støtte frå både venner og foreldre. Desse funna indikerar at sosial støtte synest å vere eit viktig aspekt ved tilfredsheit. Dess meir støtte ein ungdom mottek frå nøkkelindivid i livet, dess høgare verkar rapport av tilfredsheit å vere.

Den positive relasjonen mellom sosial støtte og tilfredsheit verkar vere godt dokumentert, men korleis støtte har sin effekt, og kva for mekanismar som sosial støtte verkar gjennom, er meir usikkert (Heller, Swindle Jr. & Dusenbury, 1986; Lakey & Cassidy, 1990; Rosenfeld et al., 2000). I følgje stressmeistringsteori har sosial støtte beskyttande effektar på tilfredsheit ved at sosial støtte bidreg med psykologiske og materielle ressursar som er naudsynt for å mestre belastningar ein person står overfor

(Cohen, 2004). Gjennom sosial støtte kan ein få konstruktiv tilbakemelding på åtferd, få hjelp til å forstå og få forklart verda, ein kan dele sorger og gleder, og få assistanse/hjelp ved behov. I følgje Cohen er det no dokumentert evidens for at persipert tilgjengelegheit av sosial støtte fungerer som buffer mot stress/belastning. Modellen predikerar at sosial støtte berre har effekt på dei som lid under belastningar, og inga betyding for dei som lever utan belastande krav (Cohen; Cohen & Wills, 1985). Denne modellen er konsistent med andre teoretiske formuleringar som knytt sosial støtte til tilfredsheit gjennom meistring av krav, bl.a. "Demand-Controll-Support" teori (Johnson & Hall, 1988).

Nokon teoriar er oppteken av samanhengen mellom tilfredsheit og behovstilfredsstilling, og rolla sosial støtte kan spele i denne relasjonen. I følgje self-determination teori er vi født med tre psykologiske behov; kompetanse, relatedness og autonomi. Aktivitetar som tilfredstillar desse indre behova bidreg meir til tilfredsheit enn aktivitetar som reflekterer ytre behov. Empiriske funn støtter denne samanhengen mellom indre behovstilfredsstilling og velvære (Ryan & Deci, 2000). I følgje Ryan og Deci spelar sosial støtte ei sentral rolle i å oppnå tilfredsstilling av dei grunnleggjande behova. På denne måten kan sosial støtte tenkast å verke indirekte på tilfredsheit gjennom å fremme tilfredsstilling av grunnleggjande behov. Ein slik tankegang er konsistent med tilhøyrsløshypotesen (belongingness). Denne hypotesen postulerer at menneska har eit grunnleggjande behov for å forme og oppretthalde eit minimum av vedvarande, positive og signifikante mellommenneskelege relasjonar (tilhøyrsløshet) (Baumeister & Leary, 1995). I følgje Baumeister og Leary er dette behovet eit fundamentalt mellommenneskeleg motiv som gjev opphav til ei stor mengde av menneska sin åtferd, emosjonar og tankar. Å tilfredstille behovet for tilhøyrsløshet vil såleis kunne påverke den kognitive vurderinga av

tilfredsheit. Sosial støtte er basert på relasjonar og positiv interaksjon med andre, og kan såleis vere ein måte behovet for tilhøyrsløse kan tilfredstillast på.

Størsteparten av evidensen knytt til effektar av sosial støtte er basert på subjektive sjølvrapportmålingar. Lakey og Cassady (1990) peiker på at sjølvrapportar av sosial støtte og faktisk gitt sosial støtte ikkje er det same, og at persipert støtte berre delvis kan forklarast av den støttande åtferda til andre. Ei forklaring på denne manglande konsistensen er at persipert støtte delvis opererer som ein kognitiv personlegdomsvariabel der stabile, organiserte antakingar om kvaliteten til eins mellommenneskelege relasjonar leiar til bias i tolking og gjenkalling av sosiale interaksjonar (Lakey & Cassady). Dette kan tyde på at folk har relativt stabile og organiserte antakingar om grad og kvalitet av sosial støtte. Lakey og Cassady fann empirisk støtte for denne antakinga. Som eit resultatet vil nokon personar ha ein predisposisjon til å persipere andre som ikkje-støttande, medan andre er predisponert til å persipere åtferd som støttande. Eit slikt forhold verkar inn på validiteten til sjølvrapportmålingar. Er det kognitive strukturar (skjema), personlegdom eller miljøfaktorar (faktisk gitt støtte) som vert målt?

I følgje Cohen (2004) refererer sosial støtte til det sosiale nettverket sitt bidrag av psykologiske og materielle ressursar som har som føremål å auke individet ei evne til å meistre stress. Det er derimot relativt liten semje om ein presis definisjon av sosial støtte (Cohen, 1992). Ein måte for å betre forstå sosial støtte er å skilje mellom ein funksjonell del og ein strukturell del. Teoretisk har sosial støtte fire funksjonar (emosjonell, informativ, handgripeleg og diffus) (Cohen & Wills, 1985). Ei slik inndeling kan gi verdifull informasjon om kva for aspekt ved støtta som bidreg til ein persepsjon av sosial støtte (Samdal et al., 1998). Det er derimot kontroversar om kor vidt ei slik inndeling er fruktbar (Wan, Jaccard & Ramey, 1996). I følgje Cauce, Mason, Gonzales, Haraga og Liu

(1994) verkar det generelle nivået av persipert støtte å vere meir viktig enn den spesifikke typen støtte.

Den strukturelle delen representerer dei spesifikke kjeldane som formidlar støtta (Wan, Jaccard & Ramey, 1996). Foreldre, lærar, venner, medelevar og kollegar etc. er ofte sentrale nøkkelpersonar og inneheld eit stort potensiale for formidling av sosial støtte. Sosial støtte er i stor grad avhengig av kor passande den spesifikke kjelda opplevast å vere for formidling av støtte (Cohen, 1992). Wan et al. har funne at korrelasjonane mellom sosial støtte og livstilfredsheit varierte betydeleg, avhengig av kven kjelda til støtta var.

Foreldre og lærar utgjer viktige ressursar med tanke på born sine individuelle og sosiale meistring. Desse vaksenpersonane er for svært mange born nøkkelpersonar i livet, har i utstrekt grad kontakt med borna, og er dermed potensielt sentrale kjelder til sosial støtte. Denne undersøkinga byggjer på tidlegare forskning som knytt sosial støtte til tilfredsheit, og undersøker to separate kjelder til sosial støtte (foreldre og lærar) for prediksjon av to spesifikke utfall (livstilfredsheit og skuletilfredsheit).

Sosioøkonomisk Status

Empiriske funn relatert til assosiasjonen mellom tilfredsheit og sosioøkonomisk status (SØS) er inkonsistente. Fleire studiar har funne at SØS bidreg lite eller ingenting til forståinga av individuelle skilnadar i tilfredsheit (DeSantis, 2006; Gilman & Huebner, 2006; Huebner et al., 2005). Ei forklaring av slike svake assosiasjonar tar utgangspunkt i at venner har sterkare verknad enn familien i ungdomsåra, noko som slår ut effekten av familiekarakteristikkar (som SØS) (Boyce & Dallago, 2004; Boyce, Torsheim, Candance & Zambon, 2006; Friestad & Klepp, 2006). Derimot har ein del andre studiar funne samanhengar mellom ungdommar sin livstilfredsheit og familien sin SØS (Dew &

Huebner, 1994, referert i Bradley & Corwyn, 2007), mellom livstilfredsheit og materielt mål på SØS (Lee, 2004; Wold et al., 2005), og mellom skuletilfredsheit og materielt mål på SØS (Lee; Wold et al.).

Forsking på SØS hjå born og ungdom bør ta omsyn til at tradisjonelle mål på SØS mogleges ikkje er adekvate (Boyce et al. 2006). Hjå vaksne populasjonar vert SØS vanlegvis avleia frå informasjon om arbeid, utdanning og inntekt (Currie, Elton, Todd & Platt, 1997; Oakes & Rossi, 2003; Wardle, Robb & Johnson, 2002). Studiar som måler ungdommane sine rapportar av slike foreldrekarakteristikkar (inntekt, arbeid og utdanning) har rapportert høge nivå av invalide data (Boyce et al.; Lee, 2004; Wardle et al.). SØS hjå born/ungdom bør målast på ein måte som er føremålsteneleg og gjev valide resultat. WHO-surveyen "Helsevanar blant skuleelevar" (HEVAS) har til dette føremålet utvikla eit alternativt objektivt mål på familien sin rikdom, som vert kalla Family Affluence Scale (FAS) (Currie et al.) (sjå Metode).

Eit anna forhold som må vurderast er mogleiken for at SØS består av fleire komponentar, som er meir eller mindre relevant avhengig av kva for utfall som vert undersøkt. Ideen vert støtta av Iversen og Holsen (2007) som fann ulike relasjonar mellom utfallsmål og indikator på SØS, samt svake korrelasjonar mellom indikatorane på SØS.

For livstilfredsheit var den sterkaste samanhengen med subjektiv SØS (av FAS, tal på bøker i heimen, og subjektiv SØS) (Iversen & Holsen).

Føremål og Forskingsspørsmål

Føremålet med studien var tredelt. Det første føremålet var å undersøke grad av stabilitet i livstilfredsskårar hjå skuleelevar i alderen 10 - 12 år. Det vart undersøkt både absolutt og relativ stabilitet for å få eit meir nyansert bilete av stabilitet og endring.

Det andre føremålet var å undersøke samanhengane mellom sosial støtte (frå foreldre og lærar) og 1) livstilfredsheit, 2) skuletilfredsheit. Basert på tidlegare diskutert teori og forskning vart det antekt at sosial støtte kan predikere både livstilfredsheit og skuletilfredsheit. Vidare vart det undersøkt om dei to kjeldane til sosial støtte har ulik prediktiv evne. Bruk av to utfall (skuletilfredsheit og livstilfredsheit) gjev mogleik for å samanlinke assosiasjonane og vurdere om kjeldene si evne til prediksjon er avhengig av utfallet som vert studert, eller om ei kjelde verkar vere mest sentral uavhengig av utfallet.

Det tredje føremålet var knytt til SØS. Tidlegare forskning har funne inkonsistente resultat i høve SØS og tilfredsheit. Basert på desse usikre samanhengane var det ønskeleg å kaste meir lys over samanhengane mellom SØS og livstilfredsheit/skuletilfredsheit, og kontrollere for moglege effektar av SØS på prediksjonen av tilfredsheit frå sosial støtte variablar. Grunna mogleiken for at SØS består av fleire komponentar vart to indikatorar på SØS nytta.

Følgjande forskingsspørsmål vart formulert:

Forskingsspørsmål 1:

Kor stabile er livstilfredsheitsskårane over ei periode på 2 år?

Forskingsspørsmål 2:

A: Kor godt kan foreldrestøtte og lærarstøtte predikere (1) livstilfredsheit, og (2) skuletilfredsheit?

B: Kva for kjelde til sosial støtte (foreldre, lærar) er den beste prediktoren for (1) livstilfredsheit, og (2) skuletilfredsheit?

Forskingsspørsmål 3:

Når det vert kontrollert for mulig effekt av SØS, er sosial støtte (frå foreldre og lærar) framleis i stand til å predikere ein signifikant del av variansen i (1) livstilfredsheit, og (2) skuletilfredsheit?

Metode

Design og utval

Denne studien nyttar data frå The Social Competence in Early Adolescence Study (SCEAS) (2004 - 2006). SCEAS er ein 3-års longitudinell studie basert på sjølvrapportdata frå elevar i 5. – 7. klasse (10 - 12 år). Data vart samla inn frå 11 grunnskular, 55 ulike klassar, totalt 1153 elevar frå fylka Rogaland, Oppland, Aust Agder, Østfold og Nord-Trøndelag. Utvalet, ved første datainnsamling, bestod av 568 jenter, og 563 gutar, samt 19 elevar som ikkje rapporterte kjønn. 338 elevar var frå 5. klasse, 404 elevar frå 6. klasse og 388 elevar frå 7. klasse. Deltaking i studien var frivillig og foreldra måtte gi aktivt samtykke til deltaking. All data vart konfidensielt handtert. Studien er godkjent av Personvernombudet for forskning ved Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste, og følgjer fastlagte etiske retningslinjer for denne type datainnsamling.

Føremålet med SCEAS var primært å evaluere utfallet av det sosialt kompetansefremmande programmet ”Steg for Steg” i ein typisk norsk skulekvardag. Seleksjonskriterium var at skulane ikkje tidlegare hadde nytta ”Steg for Steg” eller liknande program (sosial kompetanse, konfliktløysing, antimobbing). Innleiingsvis møtte 40 skular desse kriteria. Annakvar av desse 40 skulane vart invitert til å delta. Pga låg respons, vart fleire fylker inkludert i undersøkinga og annankvar skule frå ei tilleggsliste på 23 skular vart invitert. Til saman sa 11 skular seg villig til å delta, totalt vart 1412 elevar invitert. Samtykke frå foreldre vart mottatt for 1169 elevar, og 1153 av desse deltok ved første innsamling i november 2004 (82 %). Datainnsamling 2 fann stad november 2005, medan Datainnsamling 3 fann stad november 2006. Sidan data alltid vart samla inn i

november, kunne moglege sesongvariasjonar i skårane utelukkast. Elevane som gjekk i 7. klasse ved første datainnsamling deltok ved berre dette høvet, ettersom dei byrja på ungdomskule det påfølgjande året. Elevane som gjekk i 6. klasse ved første datainnsamling deltok ved to høve, og elevane som gjekk i 5. klasse ved første datainnsamling deltok ved alle tre datainnsamlingane.

Utvalet i analysane av stabilitet (Forskingsspørsmål 1) var elevane som svarte på surveyen tre gongar (5. kl i 2005) ($n = 336$). For å svare på Forskingsspørsmål 2 og 3 vart data frå første datainnsamling (november 2004) analysert, ettersom denne har høgst tal på informantar ($n = 1153$).

Surveyprosedyre

Elevane fylte ut spørjeskjemaet i løpet av ein skuletime i klasserommet, med læraren tilstades. Interaksjonen mellom skulen og forskingsteamet vart avgrensa til eit minimum.

Måleinstrument

Utdrag frå SCEAS surveyen som vart nytta i denne studien er vedlagt i Appendiks.

Student's Life Satisfaction Scale (SLSS).

Student's Life Satisfaction Scale er ein 7-ledds sjølvrapport skala utvikla for å måle global livstilfredsheit hjå born i alderen 8 - 14 år. SLSS finnst og i ein 9-ledds variant som vart nytta i denne undersøkinga. Påstandane reflekterer tilfredsheit med livet som heilskap (t.d. "Eg har det eg ønskjer meg i livet"). Elevane valde mellom fire responsmogleikar som varierte frå 1 ("aldri") til 4 ("nesten alltid"). Skalaen har demonstrert akseptabel reliabilitet og eindimensjonal faktorstruktur. Test retest reliabilitet har blitt rapportert å vere .74 over

to vekers intervall (Huebner, 1991), og .64 over fire vekers intervall (Gilman & Huebner, 1997). Den indre konsistensen til SLSS har blitt rapportert å vere på 0.80- talet (Huebner). I denne studien vart den indre konsistensen (α) funne å vere .84 for 2004, .86 for 2005 og .88 for 2006, og dermed tilsvarande den som har blitt rapportert frå tidlegare studie.

Skuletilfredsheit.

Skuletilfredsheit vart målt ved bruk av fem påstandar, som saman utgjer ein skala. Skalaen har tidlegare vore nytta i HEVAS-undersøkinga og vist akseptable nivå av reliabilitet og validitet. Utsegna som eleven skal ta stilling til er til dømes "Eg gleder meg til å gå på skulen", "Eg liker å vere på skulen". Eleven indikerte kva for responsmogleik som passa best ved å krysse av i den aktuelle ruta. Responsmogleikane varierte frå 1 ("helt einig") til 5 ("helt ueinig") (King, 1998). I denne studien vart den indre konsistensen funne å vere .80.

Foreldrestøtte.

Denne skalaen er eit skulespesifikt mål på foreldrestøtte som tidlegare har vore nytta i HEVAS-undersøkinga, og vist akseptable nivå av reliabilitet og validitet. Utsegna omhandlar villigheit til å hjelpe ("Viss eg har problem på skulen, er foreldra mine klar til å hjelpe meg"), kommunikasjon ("Foreldra mine er villige til å gå på møter på skulen for å snakke med lærarane"), og skuleprestasjonar ("Foreldra mine oppmuntrar meg til å gjere det bra på skulen"). I denne undersøkinga vart i tillegg to valfrie påstandar inkludert, totalt fem ledd. Dersom mor og far ikkje budde saman vart elevane instruert i å svare for den heimen der dei bur det meste av tida. Elevane valde mellom fem responsmogleikar som varierte frå 1 ("helt einig") til 5 ("helt ueinig") (King, 1998). I denne studien vart den indre konsistensen funne å vere .82.

Lærarstøtte.

Lærarstøtte vart målt av fire utsegn, som til saman utgjer ein skala. Skalaen vart henta frå HEVAS-undersøkinga og har vist akseptable nivå av reliabilitet og validitet (Torsheim, Wold & Samdal, 2001). To utsegn omhandlar behandling frå læraren (t.d. ”Læraren min oppmuntrar meg til å seie det eg meiner i klassen”) og to utsegn omhandlar læraren som ein evaluator og bidragsytar av læringsressursar (t.d. ”Når eg treng ekstra hjelp frå læraren min, får eg det”). Elevane valde mellom fem responsmogleikar som varierte frå 1 (”helt einig”) til 5 (”helt ueinig”) (King, 1998). I denne studien vart den indre konsistensen funne å vere .80.

The Family Affluence Scale (FAS).

The Family Affluence Scale er ein materiell statusindikator spesifikt utvikla for å måle sosioøkonomisk status hjå barn og ungdom (Boyce et al., 2006). FAS har blitt revidert fleire gongar og den noverande versjonen omfattar fire spørsmål om materielle forhold i familien som borna sannsynlegvis har kjennskap til; bil (0, 1, 2 eller fleire), datamaskin (0, 1, 2, 3 eller fleire), feriar siste år (0, 1, 2, 3 eller fleire) og eige soverom (nei = 0, ja = 1). Responsane vart summert til ein 10-punkts skala som varierar frå 0 til 9 (Boyce & Dallago, 2004). Validitet og reliabilitet til FAS vart demonstrert av Currie et al. (1997), Boyce og Dallago, og Boyce et al.

Subjektiv SØS.

I denne undersøkinga vart det valt å inkludere eit subjektivt mål på SØS i tillegg til FAS, ettersom forskning har vist at måling av SØS hjå barn er særdeles vanskeleg, og kan bestå av fleire komponentar. Subjektiv oppleving av sosioøkonomisk status vart målt av eit enkeltledd med ordlyden: ”Kor god råd har familien din?”. Elevane valde mellom fem responsalternativ, koda frå 1 (”svært god råd”) til 5 (”dårlig råd”).

Statistiske Prosedyrar

Korrigerte Pearson's korrelasjonskoeffisientar og signifikanstesting av styrken mellom korrelasjonar vart kalkulert manuelt. Alle andre analysar vart gjennomført med bruk av SPSS versjon 14 og 15. Først vart datamaterialet screena for feil. Variablar med reverserte skårar vart omkoda slik at høgare skårar representerte høgare (eller meir positive) verdiar. Deretter vart sumskalaer kalkulert. Gjennom preliminære analysar vart frekvensdata, univariate utliggarar, "missing values" og reliabilitet undersøkt. Tre utliggarar vart ekskludert, då desse viste vesentleg inkonsistens i responsane. Ei grundig vurdering av normalfordeling av skårane til variablane vart gjennomført (sjå Deskriptive Analysar).

Det vart nytta korrelasjonsanalyse og t testar for å svare på Forskingsspørsmål 1. Korrigerte Pearson's korrelasjonskoeffisientar vart inkludert for å korrigere for målefeil. Korrelasjonen mellom verkelege skårar er større enn korrelasjonen mellom observerte skårar, ettersom målefeil reduserer storleiken på korrelasjonskoeffisientane (Ferguson & Takane, 1989). Dersom den primære interessa er relasjonen mellom verkelege skårar heller enn observerte skårar (i stabiliteten til den underliggende funksjonen i kontrast til den prediktive kraft til feilbare målingar) er korrigerede korrelasjonar å føretrekke (Alsaker & Olweus, 1992). Formel for kalkulering av korrigerede koeffisientar som vart nytta var $r_{TxTy} = r_{xy} / \sqrt{(r_{xx} \times r_{yy})}$, der r_{xx} og r_{yy} representerar dei indre konsistenskoeffisientar (Cronbach's alfa) for skalaen ved dei to ulike målingstidspunkta x og y , og r_{xy} representerar råkorrelasjonen mellom dei to variablane (Ferguson & Takane).

To sett med regresjonsanalysar vart utført for å undersøke Forskingsspørsmål 2 og 3. I første sett vart livstilfredsheit entra som kriteriumsvariabel, i andre sett vart

skuletilfredsheit entra som kriteriumsvariabel. Standard multippel regresjonsanalyse vart nytta for å svare på Forskingsspørsmål 2 A og B, og hierarkisk multippel regresjonsanalyse vart nytta for å svare på Forskingsspørsmål 3. Før tolking av regresjonsanalysane vart det gjennomført ei evaluering av føresetnadane som regresjonsanalyse byggjer på, i tråd med anbefalingar frå Tabachnick og Fidell (1996). Denne evalueringa vart gjennomført med både livstilfredsheit og skuletilfredsheit som kriteriumvariabel. Analysane vurderast å oppfylle føresetnadane i høve talet på n , univariate uliggarar, multikollinearitet (toleranse $> .4$, VIF < 10), linearitet, normalfordelte residual ($M = 0$, $SD = 1$), og homoskedastisitet. Ved test av Mahalanobis distance fann SPSS mellom 17 og 24 multivariate uteliggjarar. Cooks distance viste at dei uvanlege cases som vart identifisert av SPSS hadde lite uønskja innverknad på resultatet av modellen (maks verdi på $.25$ for livstilfredsheit, og $.17$ for skuletilfredsheit). Totalt vart analysen vurdert å vere valid.

Resultat

Deskriptive Analysar

Gjennomsnitt (M), standardavvik (SD), n , skewness og kurtosis for variablane livstilfredsheit 04, 05 og 06, skuletilfredsheit, foreldrestøtte, lærarstøtte og sosioøkonomisk status (FAS og subjektiv SØS) er presentert i Tabell 1. Gjennomsnittsskårane til livstilfredsheit varierte frå 3.17 til 3.29 og indikerte at elevane meir enn ”ofte” var tilfreds med livet. Skuletilfredsheit synte ein meir moderat gjennomsnittsverdi på 3.56, som tilsvarar ein respons mellom ”enig” og ”verken enig eller uenig”. Elevane rapporterte høg grad av støtte frå både foreldre ($M = 4.59$) og lærar ($M = 3.98$). Både FAS ($M = 6.62$) og subjektive SØS ($M = 3.92$) indikerte at gjennomsnittleg hadde elevane i utvalet høg SØS.

Skewness- og kurtosisverdiane til skalaene vart inkludert for å vurdere univariat normalitet (normalfordeling). I tillegg vart visuell inspeksjon av histogram nytta. Ein tilfredstillande normalfordeling av skårane vart funne for livstilfredsheit 04, subjektiv SØS, FAS, lærarstøtte og skuletilfredsheit. Livstilfredsheit 05 og 06 vart og funne akseptable. Inspeksjon av histogram synte at fordelinga av skårane på variabelen foreldrestøtte var tilnærma logaritmisk. Det vart forsøkt og vurdert fleire korrigerande alternativ (transformasjon, kategorisering, ikkje-parametrisk statistikk). Fleire variablar i sosialvitskapen har skårar som er skewed utan at dette treng å indikere eit problem med skalaen, men kan heller reflektere den underliggande naturen til omgrepet som vert målt (Pallant, 2005). Det vart endeleg vurdert at alternativa, med sine føremonnar og ulempar, ikkje gav eit meir tilfredstillande resultat. På bakgrunn av desse forholda vart det valt å behalde variabelen i si originale form.

Stabilitetsanalysar

Absolutt stabilitet.

Først vart gjennomsnittet til livstilfredsheitsrapportar kalkulert for kvart klasstrinn, separat for gutar og jenter. Ein paired samples t test vart utført for å undersøke om det var signifikante skilnadar i gjennomsnitta mellom klasstrinna. Resultata er presentert i Tabell 2. Det vart funne ei signifikant endring, ei auka frå 5. og 6. klasse for jenter ($t(151) = 4.27$, $p < .01$). For gutar vart det funne ein trend til ei auke i gjennomsnittskåren for kvart år, men ingen funn var statistisk signifikante.

Det vart deretter gjennomført ein t test of equality of means (independent samples t test) for å undersøke om det var forskjellar i livstilfredsheitsskårane mellom gutar og jenter. Det vart ikkje funne nokon signifikante kjønnskilnadar (alle $p > .05$).

Relativ stabilitet.

Utforsking av relativ konsistens vart utført ved å først kalkulere Pearson's råkorrelasjonskoeffisientar mellom livstilfredsheitsskårane ved dei tre måletidspunkta. Deretter vart korrelasjonskoeffisientar korrigert for målefeil kalkulert. Korrelasjonane er presentert i Tabell 3, der korrigerte koeffisientar står i parentes. Alle korrelasjonane var signifikant ved $p < .01$. Korrelasjonskoeffisientane for totalutvalet varierte frå .47 til .59. Dei korresponderande korrigerte koeffisientane varierte frå .55 til .70. For jenter varierte råkorrelasjonane frå .46 til .63, medan korrigerte korrelasjonar varierte frå .54 til .73. For gutar varierte råkorrelasjonane frå .48 til .58, medan korrigerte korrelasjonar varierte frå .56 til .67.

For å undersøke om det fantast signifikante skilnadar i styrken på korrelasjonskoeffisientane vart z skårar kalkulert. For jenter vart skilnaden i styrken på

korrelasjonen frå 04/05 (.48) til 05/06 (.63) funne å vere signifikant ($z_{\text{obs}} < -1.96$, $p < .05$, tohala). For gutar vart det ikkje funne signifikante skilnadar i styrken på korrelasjonane. Det vart heller ikkje funne nokon signifikante kjønsskilnadar.

Korrelasjonar

Før første sett med regresjonsanalyse vart Pearson's korrelasjonskoeffisientar kalkulert for å undersøke mønsteret av assosiasjonar mellom kriterium-, prediktor-, og kontrollvariablar. Korrelasjonskoeffisientane er presentert i Tabell 4. Låge til moderate korrelasjonskoeffisientar vart funne mellom livstilfredsheit og dei uavhengige variablane (r varierte frå .12 til .42, alle $p < .01$). Den største samanhengen var med foreldrestøtte og var moderat. Samanhengen med lærarstøtte var noko mindre men framleis moderat. Samanhengen mellom FAS og livstilfredsheit var svak, medan samanhengen mellom subjektiv SØS og livstilfredsheit var svak til moderat.

Generelt vart det og funne låge til moderate korrelasjonskoeffisientar mellom skuletilfredsheit og dei uavhengige variablane (r varierte frå .14 til .40, $p < .01$), bortsett frå FAS som ikkje var signifikant ($p > .05$). Når det gjeld skuletilfredsheit og sosial støtte er dette biletet omvent frå livstilfredsheit, slik at samanhengen med lærarstøtte var moderat, og samanhengen med foreldrestøtte var svak til moderat. Samanhengen med subjektiv SØS var svak.

Regresjonsanalyse

Prediksjon av livstilfredsheit – total modell og unikt bidrag frå sosiale støttevariablar.

Ei standard multippel regresjonsanalyse vart gjennomført for å undersøke kor godt foreldrestøtte og lærarstøtte kunne predikere livstilfredsheitsskårar. Foreldrestøtte og lærarstøtte vart entra samstundes som prediktorvariablar, medan livstilfredsheit vart entra som kriteriumvariabel. Både den totale modellen og det unike bidraget frå prediktorvariablane vart bestemt. Resultata er presentert i Tabell 5.

Regresjonsmodellen kunne forklare 22,1 % av variansen i nivået til livstilfredsheit, og var statistisk signifikant ($R^2 = .221$, $F(2, 1077) = 152,53$, $p < .01$). Betaverdiar for dei to kjeldene til sosial støtte vart deretter samanlikna for å avgjere kva for kjelde som gav det største individuelle bidraget til forklaring av livstilfredsheitsskårar. Begge kjeldene vart funne å bidra signifikant til forklart varians. Foreldrestøtte hadde det største individuelle bidraget med ein standardisert effekt som var .35, noko som tilsvarar ein moderat samanheng. Lærarstøtte hadde ein standardisert effekt som var .22, noko som tilsvarar ein svak samanheng.

Korrelasjonsanalysen (Tabell 4) viste at foreldrestøtte og lærarstøtte var moderat korrelert, noko som tyder på ein viss grad av overlapp mellom variablane. For å undersøke kvar variabel sitt unike bidrag til forklart varians vart part korrelasjonar undersøkt. Kvadrerte part korrelasjonar gjev eit mål i prosent på det unike bidraget til forklart varians kvar prediktorvariabel har. Resultata viste at foreldrestøtte åleine gav eit bidrag på 11 %, medan lærarstøtte gav eit bidrag på 4 %, til den forklarte variansen i livstilfredsheitsskårar.

Kontroll av SØS for prediksjon av livstilfredsheit frå sosiale støttevariablar.

Ei hierarkisk multippel regresjonsanalyse vart gjennomført for å kontrollere for effekten av SØS på prediksjonen av livstilfredsheit frå sosial støtte. Livstilfredsheit vart igjen entra som kriteriumvariabel. Kontroll- og prediktorvariablane vart entra i to steg. I det første steget vart FAS og subjektiv SØS entra samstundes. I det andre steget vart lærarstøtte og foreldrestøtte entra samstundes. Tabell 6 syner ustandardiserte og standardiserte verdiar, t -verdi og signifikansnivå for dei to stega.

SØS (Steg 1) forklarte 5.7 % av variansen ($R^2 = .057$, $F(2, 1024) = 30.77$, $p < .01$). SØS og sosial støtte (Steg 2) forklarte til saman 24.1 % av variansen ($R^2 = .241$, $F(4, 1022) = 80.93$, $p < .01$). Delen av varians som skuldast sosial støtte, utover det som skuldast SØS, var 18,4 %, og var statistisk signifikant ($\Delta R^2 = .184$, $\Delta F(2, 1022) = 123.7$, $p < .01$).

Etter inkludering av sosial støtte (Steg 2) vart betaverdiar for FAS redusert frå .08 til ikkje signifikant, medan betaverdiar for subjektiv SØS vart redusert frå .21 til .13.

Prediksjon av skuletilfredsheit – total modell og unikt bidrag frå sosial støttevariablar.

Same framgangsmåte vart gjennomført for skuletilfredsheit, som for livstilfredsheit. Resultata frå analysen er presentert i Tabell 7. Regresjonsmodellen for skuletilfredsheit kunne forklare 17.3 % av variansen i nivået til skuletilfredsheit og var statistisk signifikant ($R^2 = 0.173$, $F(2, 1073) = 112.28$, $p < .001$). Begge kjeldane til sosial støtte vart funne å bidra signifikant til forklart varians. Lærarstøtte hadde det største individuelle bidraget til forklart varians med ein standardisert effekt som var .35, noko som tilsvarar ein moderat samanheng. Foreldrestøtte hadde ein standardisert effekt som var .13, noko som tilsvarar ein svak samanheng. Kvadrerte part-korrelasjonar viste at lærarstøtte åleine gav eit bidrag

på 11 %, medan foreldrestøtte gav eit bidrag på 1.6 %, til den forklarte variansen i skuletilfredsheitsskårar.

Kontroll av SØS for prediksjon av skuletilfredsheit frå sosiale støttevariablar.

Ei hierarkisk multippel regresjonsanalyse vart gjennomført for å kontrollere for effekten av SØS på prediksjonen av skuletilfredsheit frå sosial støtte. Tabell 8 syner ustandardiserte og standardiserte verdiar, t -verdi og signifikansnivå for dei to stega.

SØS (Steg 1) forklarte 2 % av variansen i skuletilfredsheit ($R^2 = .020$, $F(2, 1024) = 10.19$, $p < .01$). Til saman forklarte SØS og sosial støtte (Steg 2) 17.8 % av variansen i skuletilfredsheit ($R^2 = .178$, $F(4, 1022) = 55.24$, $p < .01$). Delen av varians som skuldast sosial støtte, utover det som skuldast SØS, var 15.8 %, og var statistisk signifikant ($\Delta R^2 = .158$ ($\Delta F(2, 1022) = 98.36$, $p < .01$).

Betaverdiar for FAS var ikkje signifikante, verken i Steg 1 eller Steg 2. Betaverdiar for subjektiv SØS vart redusert frå .14 (Steg 1) til .07 (Steg 2).

Diskusjon

Stabilitet i Livstilfredsheit

Absolutt stabilitet.

Det første føremålet var å undersøke stabiliteten i livstilfredsheit i dei seine barneåra. Analysane av absolutt stabilitet viste generelt høge nivå av livstilfredsheit. Dette er konsistent med tidlegare undersøkingar hjå ungdom (Gilman & Huebner, 2003; Huebner et al., 2005; Torsheim, Samdal, Wold & Hetland, 2004). At det berre vart funne ei signifikant endring over tid indikerar lita endring i gjennomsnittsnivået i løpet av den undersøkte toårsperioden. Resultata synte likevel ein trend til ei progressiv auke i livstilfredsheitsskåren knytt til klassetrinn. Denne trenden var ikkje signifikant, men gjennomgåande. Hjå jenter kan det derimot sjå ut som at trenden stagnerte etter 6. klasse. Hjå gutar heldt trenden fram til den undersøkte 12 års alderen (7 klasse).

Det er diverre få tidlegare studiar på denne aldersgruppa å samanlikne resultata med, noko som inneber at resultata vert hovudsakleg samanlinka med studiar blant ungdommar. Resultata tyder på at den nedgangen i livstilfredsheit som tidlegare studiar har funne (t.d. Torsheim et al., 2004; Social Program Evaluation Group, 2007a) ikkje byrjar før i etterkant av 12 års alderen, altså i ungdomstida. Det kan vere at overgangen til ungdomstida opplevast som vanskeleg og byr på ei rekke utfordringar for elevane, noko som kan leie til ein nedgong i den gjennomsnittlege livstilfredsheita. Gitt at mange endringar oppstår i ungdomsåra og den generelle overgangskaracteren til denne perioden, er det naturleg å tenke at stabiliteten i livstilfredsheit kan bli redusert i denne aldersperioden (Alsaker & Olweus, 1992), sett i forhold til barneåra. Funna er konsistent

med at overgangen til puberteten vanlegvis byrjar noko tidlegare for jenter enn gutar, der dei tidlegaste jentene kjem i puberteten omlag rundt 12 års alderen (von Tetzchner, 2001). Moglegs har delar av jentene i utvalet alt kome i puberteten, noko stagnering av den progressive trenden i gjennomsnittsverdien kan tyde på. Stagnering, og eventuell reduksjon i nivå av livstilfredsheit verkar å skje noko seinare for gutane enn jentene.

Likevel vart det ikkje funne nokon signifikante kjønnskilnadar når skåren for jenter og gutar ved kvart klassetrinna vart samanlikna. Dette tyder på at det ikkje var systematiske skilnadar mellom gutar og jenter i vurdering av nivået av livstilfredsheit. Mangel på kjønnskilnadar i nivå av livstilfredsheit er ikkje konsistent med tidlegare forskning på ungdom som har funne at generelt var gutar meir tilfredsheit med livet enn jenter (Social Program Evaluation Group, 2007a). Forklaringa på denne diskrepansen kan truleg vere skilnadar i alder på utvala. Kjønnskilnadar oppstår vanlegast i puberteten (13 - 14 år), samt i tidlegare barneår (von Tetzchner, 2001).

Eit problem med tolking av tilfredsheitsmålingar som byggjer på gjennomsnitt er at dei skjuler ein del varians. Målingane gjev svært avgrensa informasjon om den stabiliteten som vart funne skuldast stor grad av stabilitet for heile utvalet, eller om det er spesielle grupper som opplever reduksjon i tilfredsheit medan andre grupper opplever auke i tilfredsheit. Basert på tidlegare undersøkingar av personlegdom og temperament (t.d. Fogle et al., 2002) verkar det sannsynleg at individuelle skilnadar i disposisjonelle forhold vil leie til ein viss grad av stabilitet for heile utvalet. Eittersom empirien rundt personlegdom ikkje kan forklare all varians vil det og truleg vere både individuelle og gruppeskilnadar i situasjon og kontekst (miljø) som påverkar grad av stabilitet (Diener, 1996).

Relativ stabilitet.

Analysane av relativ stabilitet støtter opp om resultatane av absolutt stabilitet. Moderat til stor grad av relativ stabilitet i livstilfredsheit vart indikert i denne studien. Dette inneberer at elevane i moderat til stor grad behaldt sin relative posisjon samanlikna med dei andre elevane. Det kan difor verke som at stabiliteten som vart rapportert i analysane av absolutt stabilitet gjeld for ein stor del av utvalet, og støttar delvis ei top-down tilnærming. Dei korrigerte korrelasjonane var høgare enn råkorrelasjonane, noko som tyder på at eksistensen av relativ stabilitet vert underestimert når vurdert av råkorrelasjonskoeffisientar åleine. Korrigerte korrelasjonar gjev såleis eit verdifullt bidrag til vurdering av stabilitet. Det er ikkje tidlegare rapportert studiar som har undersøkt korrigerte korrelasjonar, så vidt forfattaren kjenner til. Styrken på råkorrelasjonane er derimot i tråd med funn av Suldo og Huebner (2004) og Huebner et al. (2000; referert i Suldo & Huebner).

At begge kjønn rapporterte om større grad av relativ stabilitet ved auka alder, sjølv om signifikant resultat berre vart funne for jenter, kan tyde på at stabilitetskomponenten aukar med alder. Dette er i tråd med den gradvise konsolideringshypotesen. Ved auka alder vert strukturane meir konsolidert og større grad av assimilering, enn endring, vil oppstå. Samstundes kan den lågare grad av endrings- og modningsprosessar som kjenneteiknar denne aldersperioden forklare at auka i stabilitet som vart funne var relativt liten eller ikkje signifikant. Igjen var det ikkje funne nokon signifikante skilnadar mellom kjønn på kvart av måletidspunkta, noko som støtter at dei kjønnsskilnadane som er funne for eldre ungdommar (Torsheim et al., 2004) ikkje har satt seg i dei seine barneåra.

Generell diskusjon av stabilitet.

Totalt sett vert det konkludert med at gutar og jenter var omlag like tilfreds med livet når dei var 10 - 12 år, dei opplevde moderat til høgt stabile vurderingar av livstilfredsheit, og at nivået av denne var generelt høgt. Resultata indikerar dermed at i barneåra opplever elevane relativt stor tryggleik og stabilitet, noko som kan forklarast av låg grad av miljø- og modningsendringar. I tillegg vil relativt stabile disposisjonelle faktorar, som temperament og personlegdom, truleg vere sentrale forklaringsmodellar (Fogle et al., 2002; Vittersø, 2001). Samstundes kan sosial støtte som kognitivt skjema (Lakey & Cassady, 1990) vere ein faktor som bidreg til forklaring av stabilitet i tilfredsheit. Sett på denne måten er sosial støtte ein kognitiv personlegdomsvariabel og konsistent med ei top-down tilnærming. Stabile vurderingar av sosial støtte, ein faktor som er dokumentert relatert til livstilfredsheit, vil leie til stabilitet i vurdering av livstilfredsheit (Kozma et al., 2000). Denne oppfatninga av sosial støtte er komplementerende til den gradvise konsolideringshypotesen ettersom eit sosialt støtteskjema kan tenkast å utviklast gradvis.

Tidlegare forskning tyder på at disposisjonelle faktorar likevel ikkje kan forklare meir enn delar av variansen (Diener, 1994; Huebner, 2004). Graden av stabilitet som vart funne i denne undersøkinga synest å vere i samsvar med dette. Både disposisjonelle og situasjonelle faktorar verkar difor vere nødvendige for å fult ut forstå vurderingar av livstilfredsheit. Undersøkinga støtter såleis synet om at livstilfredsheitsrapportar verkar å bestå både av trekk- og tilstandskomponentar (Diener; Huebner; Kozma et al., 2000). For vidare forskning vil bruk av structural equation modeling (SEM) kunne hjelpe til med å identifisere den relative grad av stabilitet (trekk) og endring (tilstand) i livstilfredsheit i dei seine barneåra.

Prediksjon av Tilfredsheit frå Totalmodell av Sosial Støtte

Det andre føremålet var å undersøke samanhengar mellom tilfredsheitsmål og sosial støtte. At sosial støtte totalt sett var ein god prediktor for både livs- og skuletilfredsheit er i tråd med tidlegare studiar (DeSantis, 2006; Rosenfeld et al., 2000; Samdal & Dür, 2001; Thakral, 2006; Young et al., 1995). Dei som rapporterte høgare nivå av sosial støtte, var dei som rapporterte høgare nivå av både livs- og skuletilfredsheit. I følgje stressmeistringsteori skuldast denne effekten at sosial støtte leiar til ein reduksjon av persipert trussel eller belastning. Modellen spesifiserar derimot at sosial støtte er effektiv berre for dei som lid under krav og belastning, og har ingen effekt for dei som ikkje opplever såkalla "stress" (Cohen, 2004). I følgje teoretiske formuleringar knytt til behovstilfredsstilling verkar sosial støtte indirekte gjennom å auke sannsynet for at sentrale behov som tilhøyrsele (Baumeister & Leary, 2005), relatedness, autonomi og kompetanse (Ryan & Deci, 2000) vert tilfredstilt.

Eit anna forhold ein bør vere merksam på er mogleiken for at sosial støtte fungerer som eit sosialt skjema som leiar til bias i vurdering av den støtta som vert gjeve (Lakey & Cassady, 1990). Tilsvarande skjema kan og tenkast å farge eins vurdering av tilfredsheit. På denne måten kan mekanismane bak samanhengen mellom sosial støtte og livstilfredsheit vere eit resultat av kognitive skjema som trekk vurderingane i same retning. Denne undersøkinga har ikkje direkte testa dei presenterte teoriane, men presenterer desse som moglege forklaringar på dei dokumenterte samanhengane mellom sosial støtte og tilfredsheit.

Prediksjon av Livstilfredsheit frå Separate Kjelder til Sosial Støtte

Undersøkinga skilde mellom separate kjelder til sosial støtte. Foreldrestøtte var den klart sterkaste prediktoren for livstilfredsheit, noko som er i tråd med funn av Social Program Evaluation Group (2007b). Funnet verker sannsynleg ettersom foreldre i mange tilfeller er involvert i så og seie alle deler av livet til barn i 10 - 12 års alderen. Truleg er foreldra formidlar av alle dei ulike funksjonane til sosial støtte. Barna er avhengige av at foreldra organiserar fritidsaktivitetar gjennom køyring, betaling av avgifter etc. (handgripeleg støtte), ser og forstår dei (emosjonell støtte), hjelper med lekser og korleis takle konflikter (informativ støtte), og ikkje minst fremmer positive affekter og ei kjensle av tilhøyrse (diffus støtte). I følgje von Tetzchner (2001) er relasjonen til foreldra den aller viktigaste gjennom heile barnealderen. Det er først i ungdomsåra at vennerelasjonar kan konkurrere med foreldrerelasjonen, og at venner byrjar å gripe inn i dei livsområda som foreldra har hatt einerett på (von Tetzchner).

At lærarstøtte kunne predikere livstilfredsheit, om enn i mykje mindre grad enn foreldrestøtte, er i tråd med Samdal og Dür (2000). Funnet verkar sannsynleg ettersom skulen i aukande grad er eit sentralt område i livet til born (Læringscenteret, 2003), noko som medfører at og lærarar tar større del i livet til elevane enn tidlegare. Det er usikkert om lærarstøtte har direkte effektar på livstilfredsheit. Det kan tenkast at skuletilfredsheit kan mediere denne samanhengen, og at spillovereffektar (Lent et al., 2005) verkar mellom skule og liv som heilskap. Denne forklaringa vert indikert av moderat grad av samvariasjon mellom skuletilfredsheit og livstilfredsheit. Designet på studien og dei gjennomførte analysane gjer det derimot ikkje mogleg å trekke konklusjonar om dette. Truleg vil både direkte og indirekte effektar verke på samanhengen mellom lærarstøtte og livstilfredsheit.

Sett saman synte resultatane at det var stor variasjon i samanhengane mellom sosial støtte og livstilfredsheit, som var avhengig av kva for kjelde som var formidlar av støtta. Dette støtter ideen om at sosial støtte har ein strukturell del (Wan et al., 1996).

Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Separate Kjelder til Sosial Støtte

I prediksjonen av skuletilfredsheit var biletet snudd opp ned, slik at lærarstøtte var den klart sterkaste prediktoren. Betydinga av lærarstøtte for skuletilfredsheita er i tråd med empiriske funn av DeSantis (2006), og Rosenfeld et al. (2000). Funnet kan forklarast av argumentet om at støtta er avhengig av å opplevast som relevant for det undersøkte domenet (Cohen, 1992). Læraren er nærmare knytt til skulen enn livet som heilskapsvurdering, ettersom skulen er den konteksten relasjonen mellom elev og lærar hovudsakleg utspelar seg i. Det kan og argumenterast for at, i tillegg til medelevar, utgjer læraren den mest sentrale relasjonen elevane har i skulen. I ei vurdering av livet som heilskap er det mange andre aktørar som spelar ei rolle, i tillegg til læraren. Dette er i tråd med resultatane frå prediksjonen av livstilfredsheit, der lærarstøtte spelar ei mindre rolle.

Prediksjonen av skuletilfredsheit frå foreldrestøtte var derimot overraskande låg, særskild sidan målet på foreldrestøtte var eit skulespesifikt mål. Ei forklaring på denne svake samanhengen kan vere at utvalet ikkje opplevde at foreldrestøtta var særleg relevant for tilfredsheit på skulen. Basert på ledda i foreldrestøtteskalaen, kan det tenkast at foreldrestøtte mogleges har ei meir betyding for skuleprestasjonar. Ei anna forklaring spekulerar i den kognitive kapasiteten som er naudsynt for å overføre støtte gitt i eit område (heimen/livet som heilskap) til å ha effekt i eit anna domene (skulen). Abstrakte vurderingar er meir komplekse enn konkrete, og vert meistra seinare i den kognitive utviklinga (Donaldson, 1978). Skulen kan seiast å vere meir konkret og avgrensa enn livet

som heilskap. Det kan dermed tenkast at det er enklare å overføre støtte gitt i ein konkret og avgrensa samanheng (skulen) til å ha effekt for ei heilskapleg overordna oppleving (bottom-up spillovereffekt), enn omvendt. På denne måten kan utvikling av kognitiv kapasitet forklare at foreldrestøtte har mindre å seie for skuletilfredsheit, enn lærarstøtte har å seie for livstilfredsheit.

Igjen synte resultatane at samhengane, denne gong mellom sosial støtte og skuletilfredsheit, varierte på ein måte som var avhengig av kva for kjelde som var formidlar av støtta.

Oppsummering av Prediksjon av Tilfredsheit frå Sosial Støttevariablar

Sett saman synte resultatane frå prediksjon av livs- og skuletilfredsheit at styrken på assosiasjonane var avhengig både av kva for kjelde som formidla støtta, samt kva for utfall som vart undersøkt. Dette tyder på at den prediktive evna til sosial støtte er avhengig både av kjelde, og utfallet som vert studert. Det synest difor verdifullt at framtidig forskning skil mellom kven som er formidlar av støtta. Desse funna reiser spørsmål om det er ulike mekanismar eller prosessar som opererer på samhengane mellom separate kjelder til sosial støtte og type tilfredsheitsutfall. Generelle teoriar som behovstilfredsstilling og stressreduksjon synest ikkje vere dekkande for forklaring av desse spesifikke utfalla. Det er behov for å vidare undersøke dei mekanismane som sosial støtte verkar gjennom, samt utleie teoriar som kan forklare spesifikke assosiasjonar.

SØS, Tilfredsheit og Sosial Støtte

Det tredje føremålet var å undersøke samhengar mellom SØS (materieill og subjektiv) og tilfredsheit, samt å kontrollere for effektar av SØS i prediksjon av

livstilfredsheit og skuletilfredsheit frå sosial støttevariablane. At betaverdiane til foreldrestøtte og lærarstøtte i liten grad vart redusert når det vart kontrollert for SØS, tyder på at det var liten del av effekten til sosial støtte på tilfredsheit som eigentleg skuldast SØS. Det gjev støtte til at analysane i det andre føremålet var valide. Derimot kan andre variablar (personlegdom etc.) som ikkje vart undersøkt hatt ein verknad.

Betaverdiane til SØS, både i prediksjon av livs- og skuletilfredsheit, varierte frå ikkje-signifikant til svak. Dette tyder på at generelt var SØS lite relatert til begge typar tilfredsheit. St.meld. nr 20 (2006-2007) slår derimot fast at det er sosiale ulikskapar i helse i Noreg, som er gradvise og kontinuerlege. Eit forhold som kan vere med å forklare den svake effekten av SØS i denne undersøkinga baserar seg at det vart rapportert relativt små sosioøkonomiske skilnadar i utvalet. Dette vert indikert av at det gjennomsnittlege nivået i utvalet for både FAS og subjektiv SØS var høgt, samt at svært få elevar skåra under gjennomsnittet på skalaen (89.5 % og 97.1 % av elevane rapporterte høvesvis ein FAS og subjektiv SØS skåre lik eller over gjennomsnittet til skalaen). Liten variasjon i ein variabel gjev liten målbar effekt. Effekten av SØS kan vere sterkare for individ der miljøet vert karakterisert av fattigdom og skilnadane i SØS er større (Gilman & Huebner, 2003; Huebner, 2004). Det er og viktig å merke seg at helse og tilfredsheit ikkje er det same, sjølv om dette er relaterte tilstandar som unekteleg påverkar kvarandre (Saracci, 1997; Subramanian, Kim & Kawachi, 2005). Det kan verke som at den sosiale ulikskapen i tilfredsheit er mindre tydeleg enn ulikskapen i somatisk og psykisk helse.

Trass i at effekten av SØS var svak varierte den med type indikator på SØS. Subjektiv SØS var den indikatoren på SØS som hadde sterkast evne til prediksjon av tilfredsheit. Denne samanhengen var sterkare for prediksjon av livstilfredsheit enn skuletilfredsheit. Samanhengen mellom subjektiv SØS og livstilfredsheit er i samsvar med

Iversen og Holsen (2007) som fann tilsvarande resultat. FAS var derimot ikkje ein sentral prediktor, verken for livs- eller skuletilfredsheit. Dette er konsistent med ei rekke amerikanske studiar som nyttar andre materielle statusindikatorar (t.d. DeSantis, 2006; Huebner, 2004), men ikkje med Wold et al. (2005) som nytta FAS i prediksjon av livstilfredsheit. Wold et al. nytta derimot eit anna mål på livstilfredsheit enn denne undersøkinga. Inkonsistensen kan difor mogleges ligge på eit konseptuelt plan.

Dei varierte samanhengane knytt til indikatorane på SØS er konsistent med synet om at SØS består av fleire komponentar (Iversen & Holsen, 2007). Resultata indikerar at dei separate indikatorane på SØS representerar ulike aspekt ved SØS. Det *kan* vere spesifikke mekanismar som opererar. Konsekvensen er at studiar som brukar ulike mål på SØS ikkje utan vidare kan samanliknast (Iversen & Holsen). Resultata syner og at bruk av berre ein statusindikator som t.d. FAS, ville ha underestimert effekten av SØS.

Ettersom resultata er avhengig av type indikator, er det relevant å spørje seg kvifor nokon indikatorar har sterkare samanheng med tilfredsheit enn andre. På same måte som vurdering av sosial støtte kan reflektere ein kognitiv personlegdomsvariabel (Lakey & Cassady, 1990), kan det tenkast at vurdering av subjektiv SØS og kan reflektere personlegdom. Naturen til subjektiv SØS er open for vurderingar i høve personen sine subjektive standarar og personlegdom. På denne måten kan subjektiv SØS seiast å reflektere *persipert* rikdom (Iversen & Holsen, 2007). FAS vil ikkje i same grad vere påverka av personlege standarar ettersom denne reflekterer meir *objektive* materielle mål på rikdom. Vurdering av t.d. tal på bilar i familien er truleg uavhengig av tendensar til ”optimistiske” eller ”pessimistiske” personlegdomar. Dette kan tyde på at det er ulike mekanismar som påverkar vurdering av FAS (reflekterer ei objektiv vurdering), og subjektiv SØS (reflekterer ei subjektiv vurdering). Ettersom kognitive og subjektive

vurderingar synest å inngå i både tilfredsheit (Diener, 1984) og subjektiv SØS, kan det vere at dei same underliggande mekanismane verkar på begge vurderingane, og trekk dei i same retning. Det synest difor sannsynleg at denne assosiasjonen er større enn samanhengen for FAS og tilfredsheit.

Betaverdiane til SØS vart redusert når foreldrestøtte og lærarstøtte vart inkludert i regresjonsmodellen (Steg 2). Dette gjev indikasjonar på at samanhengen mellom SØS og livstfredsheit kan medierast av sosial støtte. Effekten av SØS på skuletilfredsheit var så pass svak at det ikkje gjev særleg grunnlag for å vurdere mediering. Ein føresetnad for medieringseffektar er at det finnast ein samanheng å mediere (Baron & Kenny, 1986). Ei mogleg forklaring av dei reduserte betaverdiane til SØS er at sosial støtte kan fungere som ein buffer mot negative effektar av SØS, i tråd med Cohen (2004), og Cohen og Wills (1985). Det kan og tenkast at ein samanheng mellom SØS og sosial støtte kan skuldast at foreldra i familiar der borna rapporterar låg SØS ikkje i like stor grad gjev støtte. Empiriske undersøkingar tyder på at foreldre i familiar med låg SØS har større grad av belastningar (bl.a. økonomisk og psykisk) enn familiar med høg SØS (Boyce & Dallago, 2004; Stortingsmelding nr. 20, 2006-2007). Dette kan leie til mindre samhandling med borna, og mindre formidling av sosial støtte (Brooks-Gunn, Duncan & Maritato, 1997). Ettersom dei gjennomførte analysane ikkje gjer det mogleg å trekke slutningar om kausalitet, er det statistisk like mogleg at sosial støtte verkar på SØS, som at SØS verkar på sosial støtte. Teoretisk verkar det derimot lite truleg at sosial støtte har kausale effektar på vurdering av spørsmåla som utgjer FAS, ettersom dette er eit objektivt mål. Sosial støtte vert difor tenkt å ikkje endre eins oppfatning av tal på bilar, eller delt eller eige soverom. Det verkar meir truleg at sosial støtte *kan* påverke eins vurdering av subjektiv SØS. Det vil vere opp til vidare forskning å undersøke desse forholda empirisk.

Metodiske Vurderingar

Undersøkinga presenterer nokre potensielle metodiske veikskapar. I fleire av analysane var talet på informantar stort, men utvalet var ikkje randomisert. Likevel kan det stillast spørjeteikn ved om det er så store skilnadar mellom elevane i dei skulane deltok og resten av elevane i Noreg at det seriøst er til hinder for generalisering til andre norske skuleelevar i same aldersgruppe. Noreg er eit land med eit svært godt utbredt offentleg skuletilbod der berre eit fåtal elevar går i privatskular. Vidare har demografiske variablar blitt funne i liten grad å vere relatert til variablane som vart undersøkt (DeSantis, 2006; Huebner, 2004), samt at det vart kontrollert for SØS, noko som aukar den eksterne validiteten til resultata.

Grunna designet på studien er konklusjonar om kausalitet ikkje mogeleg å trekke. I så måte er studien meir ei utforsking av moglege samanhengar. Det vart tenkt at nivå av sosial støtte leiar til nivå av tilfredsheit. Like fullt kan samanhengane komme av at personar som av ulike årsaker opplever høg tilfredsheit, kan vere biast til å vurdere den støtta han mottek på ein positiv måte og dermed rapportere høgt nivå av sosial støtte. Lågare nivå av tilfredsheit kan leie til at ein i mindre grad søker og gjer nytte av sosial støtte grunna ein generell tilstand av apati eller låg sjølvtilitt (Wan et al., 1996). Ein tilsynelatande sterk samheng kan og kome frå andre kjelder, såkalla 3. variablar (Cozby, 2005).

Regresjonsanalyse vart valt som metode ettersom denne er godt egna for å avdekke samanhengar mellom fleire variablar. Resultatet er derimot svært avhengig av kva for variablar som vert inkludert (Tabachnick & Fidell, 1996). I denne undersøkinga vart inkludering av variablar gjort i samsvar med teori og empiri belyst i introduksjonen. Ein

potensiell veikskap er at vennestøtte og medelevstøtte ikkje vart inkludert, ettersom nokre studiar har indikert at desse kjeldane til sosial støtte kan ha ein effekt (DeSantis, 2006; Samdal & Dür, 2000). Andre utelatne men aktuelle prediktorar er ei rekke top-down faktorar.

Det er mogleg at målet på lærarstøtte ikkje adekvat målte naturen til dette omgrepet. Sjølv om barneskulen i Noreg er organisert i grupper som har ein kontaktlærer, har elevane ofte fleire lærarar å forholde seg til som dei kan persipere ulik grad av støtte frå. I surveyen vart elevane bedd om å rapportere støtte frå læraren (som heilskap). På noverande tidspunkt finnast det ikkje ein skala som vurderar støtte frå multiple lærarar. Det vil og kunne vere ei svært vanskeleg og omstendeleg oppgåve for elevane å rapportere støtte frå kvar individuelle lærar (DeSantis, 2006).

Målinga av foreldrestøtte skilde ikkje mellom mor og far. Det er mogleg at dette kunne hatt betydning for utfallet. Derimot har Young, et al. (1995) funne at persipert støtte frå mor og far var like viktig for prediksjon av livstilfredsheit i ungdomsåra.

Studien var avgrensa til sjølvrapportmålingar. Multiple datainnsamlingsmetodar ville vore ønskjeleg. Stemning (mood) kan vere ein potensiell trussel mot validiteten til sjølvrapportmålingar (Vittersø, 1998). For å motverke nokon av ulempene med sjølvrapportprosedyrane vart rapportane heldt anonyme (referansenummer matcha med lagra informant namn) - både av etiske omsyn og for å hindre sosial ønskverdig respondering.

Konklusjonar, Implikasjonar og Anbefalingar for Vidare Forsking

Resultata frå denne undersøkinga bidreg til auka kunnskap om livstilfredsheit og skuletilfredsheit i ei aldersgruppe (10 - 12 år) som sjeldan har vore undersøkt. Studien har

bidrege til eit meir nyansert bilete av stabilitet i vurderingar av livstilfredsheit i dei seine barneåra. Tidsperioden frå 10 - 12 år ser ut til å vere prega av relativt høg grad av tryggleik og stabilitet, eventuelt ein liten trend til auka livstilfredsheit. I den grad prediktorar av livstilfredsheit (både situasjonelle og disposisjonelle) er stabile, vil og vurderingar av livstilfredsheit vere stabile (Kozma et al. 2000). Undersøkinga er konsistent med studiar som har dokumentert samanhengar mellom sosial støtte og tilfredsheit, og støttar bruk av separate sosiale støttekjelder. Dei sosiale støttekjeldene synest å variere i grad av relevans, avhengig av kva for utfall som vert undersøkt. Born som rapporterte høgt nivå av foreldrestøtte rapporterte og høgt nivå livstilfredsheit. Dei borna som opplevde høgare nivå av skuletilfredsheit, var dei borna som og hadde høgare nivå av lærarstøtte. Undersøkinga kan og tyde på at SØS består av fleire komponentar viss effekt er avhengig av type indikator og utfallsmål. Det verkar som objektiv SØS (FAS) har ein svært avgrensa betydning for nivå av tilfredsheit, medan subjektiv SØS synest å ein svak effekt.

Auka kunnskap om prediktorar av livstilfredsheit gjev auka forståing av forhold som påverkar stabilitet i livstilfredsheit. Det er likevel verdt å merke seg at å gjennom å legge vekt på prediktorar som kan påverke stabilitet, vert ofte endringar *innan* individet neglisjert. Denne studien gjev difor ikkje informasjon om mønsteret i livstilfredsheit, noko som kan variere frå person til person (Oishi et al., 1999). Blant anna fann Oishi et al. at kva for type aktivitetar (og domene) som var relatert til livstilfredsheit var avhengig av individuelle skilnadar i verdiorientering.

Trass i manglar knytt til individuelle mønster i tilfredsheit er funna ”hyggeleg lesing” i den forstand at mange born trivst godt både i livet generelt og på skulen. Resultata frå studien verkar å oppfordre til eit førebyggjande perspektiv der fokus på formidling av sosial støtte kan fungere som eit middel for å fremme tilfredsheit med skule og livet.

Studien tillegg svært mykje ansvar for elevane sin trivsel på skulen til læraren. Dersom skuleverket ønskjer å auke skuletrivselen til elevane indikerer resultatata at fokus på lærarstøtta kan ha stor verdi. I neste rekke kan auka tilfredsheit redusere relaterte uønska utfall og fremme positive utfall, som tidlegare studiar har funne (bl.a. DeSantis, 2006). For livstilfredsheit var det foreldrestøtte som hadde den største innverknaden. Resultata kan tyde både på at foreldrestøtte fungerte som ein buffer mot effektar av låg SØS, eller at låg SØS var ein risikofaktor som leia til mindre sosial støtte.

Mangel på forskning knytt til mekanismane som sosial støtte verkar på tilfredsheit gjennom (Rosenfeld et al., 2000), gjev grunn til å hevde at dette er eit område som det er behov å vite meir om. Vidare forskning bør ta sikte på å designe studiar som kan teste om det er spesifikke mekanismar som opererer, gitt dei varierte assosiasjonane mellom kjelder til sosial støtte og separate tilfredsheitsutfall. Å forstå desse prosessane er kritisk dersom forskning skal kunne overførast til effektive handlings- og intervensjonsprogram. Vidare bør spørsmål som handlar om kausalitet prioriterst. Det bør og søkast å avklare samanhengar mellom komponentar av SØS og moglege utfall. Det vil gi eit betre bilete av den sosiale ulikskapen i dei seine barneåra.

Referansar

- Aarø, L. E. (1997). Skolen – ressurs eller risikofaktor? I K.-I. Klepp & L. E. Aarø (Red.), *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (pp. 214-225). Oslo: Universitetsforlaget.
- Alsaker, F. D., & Olweus, D. (1992). Stability of global self-evaluations in early adolescence: A cohort longitudinal study. *Journal of Research on Adolescence*, 2, 123-145.
- Andrews, F. M., & Withey, S. B. (1976). *Social indicators of well-being: Americans' perception of life quality*. New York: Plenum.
- Baker, J. A., Dilly, L. J., Aupperlee, J. L., & Patil, S. A. (2003). The developmental context of school satisfaction: Schools as psychologically healthy environments. *School Psychology Quarterly*, 18, 206-221.
- Baron, M. K., & Kenny, D. A. (1986). The moderator-mediator variable distinction in social psychological research: Conceptual, strategic, and statistical considerations. *Journal of Personality and Social Psychology*, 51, 1173-1182.
- Baumeister, R. F., & Leary, M. R. (1995). The need to belong: Desire for interpersonal attachments as a fundamental human motivation. *Psychological Bulletin*, 117, 497-529.
- Borup, I., & Holstein, B. E. (2006). Does poor school satisfaction inhibit positive outcome of health promotion at school? A cross-sectional study of schoolchildren's response to health dialogues with school health nurses. *Journal of Adolescent Health*, 38, 758-760.
- Boyce, W., & Dallago, L. (2004). Socioeconomic inequalities. I C. Currie, C. Roberts, A. Morgan, R. Smith, W. Settertobulte, O. Samdal, & V. B. Rasmussen (Red.), *Young people's health in context. Health Behaviour in School-aged Children (HBSC) Study: international report from the 2001/2002 Survey* (Health Policy for Children and Adolescents No. 4, pp. 13-25). København, Danmark: World Health Organization Regional Office for Europe, Health Promotion and Investment for Health.
- Boyce, W., Torsheim, T., Candance, C., & Zambon, A. (2006). The family affluence scale as a measure of national wealth: validation of an adolescent self-report measure. *Social Indicators Research*, 78, 473-487.
- Bowling, A. (2004). *Measuring health*. New York: Open University Press.
- Bradley, R. H., & Corwyn, R. F. (2004). Life satisfaction among European American, African American, Chinese American, Mexican American, and Dominican

- American adolescents. *International Journal of Behavioral Development*, 25, 385-400.
- Brooks-Gunn, J., Duncan, G. J., & Maritato, N. (1997). Poor families. Poor outcomes: The well-being of children and youth. I G. J. Duncan & J. Brooks-Gunn (Red), *Consequences of growing up poor* (pp. 1-17). New York: Russell Sage Foundation.
- Cauce, A. M., Mason, C., Gonzales, N., Haraga, Y., & Liu, G. (1994). Social support during adolescence: Methodological and theoretical considerations. I F. Nestmann & K. Hurrelmann (Red.), *Social networks and social support in childhood and adolescence*. Berlin: Walter de Gruyter.
- Cohen, S. (1992). Stress, social support, and disorder. I H. O. F. Veiel, & U. Baumann (Red.), *The Meaning and Measurement of Social Support* (pp. 109-124). New York: Hemisphere Publishing Corporation.
- Cohen, S. (2004). Social relationships and health. *American Psychologist*, 59, 676-684.
- Cohen, S., & Wills, T. A. (1985). Stress, social support, and the buffering hypotheses. *Psychological Bulletin*, 98, 310-357.
- Costa, P. T., & McCrae, R. R. (1980). Influence of extraversion and neuroticism on subjective well-being: Happy and unhappy people. *Journal of Personality and Social Psychology*, 38, 668- 678.
- Costa, P. T., McCrae, R. R., & Zonderman, A. B. (1987). Environmental and dispositional influences on well-being: Longitudinal follow-up of an American national sample. *British Journal of Psychology*, 78, 299-306.
- Cozby, P. C. (2005). *Methods in behavioral research*. Boston : McGraw-Hill Higher Education.
- Currie, C. E., Elton, R. A., Todd, J., & Platt, S. (1997). Indicators of socioeconomic status for adolescents: the WHO Health Behaviour in School-aged Children Survey. *Health Education Research*, 12, 385-397.
- DeSantis, A. L. (2006). An ecological view of school satisfaction in adolescence: Linkages between social support and behavior problems. *Dissertation Abstracts International*, 67 (09), 5396B. (UMI No. 3232500).
- Dew, T., & Huebner, E. S. (1994). Adolescents' perceived quality of life: An exploratory investigation. *Journal of School Psychology*, 32, 185-199.
- Diener, E. (1984). Subjective well-being. *Psychological Bulletin*, 95, 542-575.
- Diener, E. (1994). Assessing subjective well-being: Progress and opportunities. *Social Indicators Research*, 31, 103-157.

- Diener, E. (1996). Traits can be powerful, but are not enough: Lessons from subjective well-being. *Journal of Research in Personality, 30*, 389-399.
- Diener, E., & Diener, C. (1996). Most people are happy. *Psychological Science, 7*, 181-185.
- Diner, E., Lucas, R. E., & Scollon, C. N. (2006). Beyond the hedonic treadmill. Revising the adaptation theory of well-being. *American Psychologist, 61*, 305-314.
- Diener, E., Suh, E. M., Lucas, R. E., & Smith, H. L. (1999). Subjective well-being: three decades of progress. *Psychological Bulletin, 125*, 276-302.
- Donaldson, M. (1978). *Children's minds*. London: Fontana Press.
- Eysenck, M. W., & Keane, M. T. (2005). *Cognitive psychology. A student's handbook*. New York: Psychology Press.
- Ferguson, G. A., & Takane, Y. (1989). *Statistical analysis in psychology and education*. Singapore: McGraw-Hill.
- Fogle, L. M., Huebner, E. S., & Laughlin, J. E. (2002). The relationship between temperament and life satisfaction in early adolescence: Cognitive and behavioral mediation models. *Journal of Happiness Studies, 3*, 373-392.
- Friestad, C., & Klepp, K.-I. (2006). Health inequalities. Socioeconomic status and health behaviour patterns through adolescence: Results from a prospective cohort study in Norway. *European Journal of Public Health, 16*, 41-47.
- Fujita, F., & Diener, E. (2005). Life satisfaction set point: Stability and change. *Journal of Personality and Social Psychology, 88*, 158-164.
- Gable, S. L., & Haidt, J. (2005). What (and why) is positive psychology? *Review of General Psychology, 9*, 103-110.
- Gilman, R., & Huebner, E. S. (1997). Children's reports of their life satisfaction. Convergence across raters, time and response formats. *School Psychology International, 18*, 229-243.
- Gilman, R., & Huebner, E. S. (2003). A review of life satisfaction research with children and adolescents. *School Psychology Quarterly, 18*, 192-205.
- Gilman, R., & Huebner, E. S. (2006). Characteristics of adolescents who report very high life satisfaction. *Journal of Youth and Adolescence, 35*, 311-319.
- Heller, D., Watson, D., & Ilies, R. (2004). The role of person versus situation in life satisfaction: A critical examination. *Psychological Bulletin, 130*, 574-600.

- Heller, K., Swindle Jr., R. W., & Dusenbury, L. (1986). Component social support processes: Comments and integration. *Journal of Consulting and Clinical Psychology, 54*, 466-470.
- Huebner, E. S. (1991). Initial development of the student's life satisfaction scale. *School Psychology International, 12*, 231-240.
- Huebner, E. S. (2004). Research on assessment of life satisfaction of children and adolescents. *Social Indicators Research, 66*, 3-33.
- Huebner, E. S., Funk, B. A., & Gilman, R. (2000). Cross-sectional and longitudinal psychosocial correlates of adolescent life satisfaction reports. *Canadian Journal of School Psychology, 16*, 53-64.
- Huebner, E. S., & Gilman, R. (2006). Students who like and dislike school. *Applied Research in Quality of Life, 1*, 139-150.
- Huebner, E. S., Laughlin, J. E., Ash, C., & Gilman, R. (1998). Further validation of the multidimensional students' life satisfaction scale. *Journal of Psychoeducational Assessment, 16*, 118-134.
- Huebner, E. S., Suldo, S. M., Smith, L. C., & McKnight, C. G. (2004). Life satisfaction and youth: empirical foundations and implications for school psychologist. *Psychology in the Schools, 41*, 81-93.
- Huebner, E. S., Valoris, R. F., Paxton, R. J., & Drane, J. W. (2005). Middle school students' perceptions of quality of life. *Journal of Happiness Studies, 6*, 15-24.
- Iversen, A. C., & Holsen, I. (2007) Inequality in health in early adolescence: do different aspects of socioeconomic status matter? Manuskript innsendt for publisering / Submitted.
- Johnson, J. V., & Hall, E. M. (1988). Job strain, work place support, and cardiovascular disease: A cross-sectional study of the Swedish working population. *American Journal of Public Health, 78*, 1336-1342.
- Judge, T. A., & Watanabe, S. (1993). Another look at the job satisfaction-life satisfaction relationship. *Journal of Applied Psychology, 78*, 939-948.
- King A. (1998). School as a healthy environment. I Currie, C. (Red.), *Health Behaviour in School-Aged Children: a WHO cross-national survey (HBSC). Research protocol for the 1997/98 survey* (pp. 60-63). University of Edinburgh: Research Unit in Health and Behavioural Change.
- Klepp, K.-I., Aarø, L. E., & Rimpelä, M. (1997). Ungdom, samfunn og helse. I K.-I. Klepp & L. E. Aarø (Red.), *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (pp.9-21). Oslo: Universitetsforlaget.

- Kozma, A., Stone, S., & Stones, M. J. (2000). Stability in components and predictors of subjective well-being (SWB): Implications for SWB structure. I E. Diener & D. R. Rahtz (Red.), *Advances in quality of life theory and research*. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.
- Lakey, B., & Cassady, P. B. (1990). Cognitive processes in perceived social support. *Journal of Personality and Social Psychology*, *59*, 337-343.
- Lee, K. (2004). Socioeconomic inequalities. I W. Boyce (Red.), *Young people in Canada: their health and well-being* (pp. 9-16). Ottawa, Ontario: Public Health Agency of Canada.
- Lent, R. W., Singley, D., Sheu, H.-B., Gainor, K. A., Brenner, B. R., Treistman, D., & Ades, L. (2005). Social cognitive predictors of domain and life satisfaction: Exploring the theoretical precursors of subjective well-being. *Journal of Counseling Psychology*, *52*, 429-442.
- Lucas, R. E. (2007). Adaptation and the set-point model of subjective well-being. Does happiness change after major life events? *Psychological Science*, *16*, 75-79.
- Lucas, R. E., Clark, A. E., Georgellis, Y., & Diener, E. (2003). Reexamining adaptation and the set point model of happiness: Reactions to changes in marital status. *Journal of Personality and Social Psychology*, *84*, 527-539.
- Lykken, D., & Tellegen, A. (1996). Happiness is a stochastic phenomenon. *Psychological Science*, *7*, 186-189.
- Læringscenteret (2003). *Utvikling av sosial kompetanse. Veileder for skolen*. Henta 25 mai, 2007, frå skolenettet si webside: <http://www.skolenettet.no/nyUpload/Moduler/LOM/dokumenter/Veiledning%20sosial%20kompetans.pdf>
- Magnus, K., Diener, E., Fujita, F., & Pavot, W. (1993). Extraversion and neuroticism as predictors of objective life events: A longitudinal analysis. *Journal of Personality and Social Psychology*, *65*, 1046-1053.
- Mathiesen, K. S., Kjeldsen, A., Skipstein, A., Karevold, E., Torgersen, L., & Helgeland, H. (2007). *Trivsel og oppvekst – barndom og ungdomstid* (Rapport 2007:5). Noreg: Nasjonalt Folkehelseinstitutt.
- Myers, D. G. (2000). The funds, friends and faith of happy people. *American Psychologist*, *55*, 56-67.
- Oakes, J. M., & Rossi, P. H. (2003). The measurement of SES in health research: current practice and steps toward a new approach. *Social Science and Medicine*, *56*, 769-784.
- Oishi, S., Diener, E., Suh, E., & Lucas, R. E. (1999). The value as a moderator model in subjective well-being. *Journal of Personality*, *67*, 157-184.

- Olweus, D. (1979). Stability of aggressive reaction patterns in males: A review. *Psychological Bulletin*, 86, 852-875.
- Pallant, J. (2005). *SPSS survival manual: A step by step guide to data analysis using SPSS for Windows (Version 12)* (2nd ed.). Maidenhead: Open University Press.
- Plomin, R. M., & Caspi, A. (1999). Behavioral genetics and personality. I L. A. Pervin & O. P. John (Red.), *Handbook of personality*. New York: The Guilford Press.
- Rosenfeld, L. B., Richman, J. M., & Bowen, G. L. (2000). Social support networks and social outcomes: The centrality of the teacher. *Child and Adolescent Social Work Journal*, 17, 205-226.
- Ryan, R. M., & Deci, E. L. (2000). Self-determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well-being. *American Psychologist*, 55, 68-78.
- Samdal, O., & Dür, W. (2000). The school environment and the health of adolescents. I C. Currie, K. Hurrelmann, W. Settertobulte, R. Smith & J. Todd (Red.), *Health and health behaviour among young people. Health Behaviour in School-aged children: a WHO cross-national study (HBSC) International report* (Health Policy for Children and Adolescents No 1, pp. 49-64). København, Danmark: World Health Organization Regional Office for Europe, Health Promotion and Investment for Health.
- Samdal, O., Wold, B., & Torsheim, T. (1998). The relationship between the students' perception of school and their reported health and quality of life. I Currie, C. (Red.), *Health Behaviour in School-Aged Children: a WHO cross-national survey (HBSC). Research protocol for the 1997/98 survey* (pp. 51-59). University of Edinburgh: Research Unit in Health and Behavioural Change.
- Sarracci, R. (1997). The world health organization needs to reconsider its definition of health. *BMJ*, 314, 1409-1410.
- Schimmack, U., & Oishi, S. (2005). The influence of chronically and temporarily accessible information on life satisfaction judgments. *Journal of Personality and Social Psychology*, 89, 395-406.
- Seligman, M. E. P., & Csikszentmihalyi, M. (2000). Positive psychology. An introduction. *American Psychologist*, 55, 5-14.
- Sirgy, M. J. (2002). *The psychology of quality of life*. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.
- Social Program Evaluation Group (2007a). *Emotional health of adolescents*. Henta 12 november, 2007, frå Queen's University, Canadian Adolescents at Risk Research Network (CAARRN) si webside:<http://educ.queensu.ca/~caarrn/pdf/Emotional%20>

Health%20of%20Adolescents.pdf

Social Program Evaluation Group (2007b). *School and the emotional health of Canadian adolescents*. Henta 12 november, 2007, frå Queen's University, Canadian Adolescents at Risk Research Network (CAARRN) sin webside: <http://educ.queensu.ca/~caarrn/pdf/School%20and%20the%20Emotional%20Health%20of%20Canadian%20Adolescents.pdf>

St.meld. nr. 20 (2006-2007). *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller*. Noreg: Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet.

Subramanian, S. V., Kim, D., & Kawachi, I. (2005). Covariation in the socioeconomic determinants of self rated health and happiness: A multivariate multilevel analysis of individuals and communities in the USA. *Journal of Epidemiology and Community Health, 59*, 664-669.

Suldo, S. H., & Hubener, E. S. (2004). Does life satisfaction moderate the effects of stressful life events on psychopathological behavior during adolescence? *School Psychology Quarterly, 19*, 93-105.

Tabachnick, B. G., & Fidell, L. S. (1996). *Using multivariate statistics*. New York: HarperCollins Publishers.

Thakral, C. (2003). Dispositional affect and life satisfaction in urban youth: The mediational role of social support. *Dissertation Abstracts International, 67* (09), 5426B. (UMI No. 3229806)

Torsheim, T., Samdal, O., Wold, B., & Hetland, J. (2004). *Helse og trivsel blant barn og unge. Norske resultater fra studien " Helsevaner blant skoleelever. En WHO-studie i flere land"* (HEMIL-rapport Nr. 3). Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret.

Torsheim, T., Wold, B., & Samdal, O. (2001). The teacher and classmate support scale. *School Psychology International, 21*, 195-212.

Veenhoven, R. (1991). Questions on happiness: Classical topics, modern answers, blind spot. I F. Strack, M. Argyle, & N. Schwarz (Red.), *Subjective well-being: An interdisciplinary perspective*. Oxford: Pergamon Press.

Verkuyten, M., & Thijs, J. (2002). School satisfaction of elementary school children: The role of performance, peer, relations, ethnicity and gender. *Social Indicators Research, 59*, 203-228.

Vittersø, J. (1998). *Happy people and wonderful experiences: structure and predictors of subjective well-being*. Universitet i Oslo, Psykologisk Institutt.

- Vittersø, J. (2001). Personality traits and subjective well-being: Emotional stability, not extraversion, is probably the important predictor. *Personality and Individual Differences, 31*, 903-914.
- von Tetzchner, S. (2001). *Utviklingspsykologi. Barne- og ungdomsalderen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Wan, C. K., Jaccard, J., & Ramey, S. L. (1996). The relationship between social support and life satisfaction as a function of family structure. *Journal of Marriage and the Family, 58*, 502-513.
- Wardle, J., Robb, K., & Johnson, F. (2002). Assessing socioeconomic status in adolescents: The validity of a home affluence scale. *Journal of Epidemiology and Community Health, 56*, 595-599.
- Wilson, W. (1967). Correlates of avowed happiness. *Psychological Bulletin, 67*, 294-306.
- WHO. (2003). *Children's and adolescents' health in Europe*. Henta 31 oktober, 2007, frå WHO Regional Office for Europe sin webside:<http://www.euro.who.int/document/mediacentre/fs0203e.pdf>
- Wold, B., Torsheim, T., Samdal, O., & Hetland, J. (2005). Sosial ulikhet og trender i subjektiv helse og livsstil blant norsk ungdom i perioden 1985-2001. *Tidsskrift for ungdomsforskning, 5*, 11-124.
- Young, M. H., Miller, B. C., Norton, M. C., & Hill, E. J. (1995). The effect of parental supportive behaviors on life satisfaction of adolescent offspring. *Journal of Marriage and the Family, 57*, 813-822.

Tabell 1

Deskriptiv Statistikk for Livstilfredsheit ved alle Måltidspunkta (2004-2006) og dei andre Variablane ved det Første Måletidspunktet

Variablar	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>n</i>	Skewness	Kurtosis
Livstilfredsheit 04	3.17	.51	1131	-.63	.17
Livstilfredsheit 05	3.23	.53	692	-.93	1.09
Livstilfredsheit 06	3.29	.54	308	-.9	.28
Skuletilfredsheit	3.56	.81	1127	-.6	.39
FAS	6.62	1.57	1081	-.46	-.23
Subjektiv SØS	3.92	.78	1077	-.33	-.12
Foreldrestøtte	4.59	.48	1090	-1.48	3.76
Lærarstøtte	3.98	.73	1123	-.85	1.09

Tabell 2

Klasseskilnadar i Gjennomsnittslivstilfredsheitsskåre Separat for Gutar og Jenter

Klasse	Gutar					Jenter				
	<i>n</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>t</i>	<i>p</i>	<i>n</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>t</i>	<i>p</i>
5	554	3.17	.49			565	3.15	.53		
6	340	3.19	.53	1.22	ns	315	3.30	.52	4.27	.00**
7	125	3.28	.51	1.71	ns	152	3.29	.56	-.16	ns

** $p < .01$

ns = ikkje signifikant

Tabell 3

Pearson's Råkorrelasjonskoeffisientar og Korrigerte Korrelasjonskoeffisientar mellom Livstilfredsheitsskårar ved Ulike Måletidspunkt

	2004	2005
2004		
Totalutval	1.0	
Gutar	1.0	
Jenter	1.0	
2005		
Totalutval	.48 (.56)	1.0
Gutar	.48 (.56)	1.0
Jenter	.47 (.55)	1.0
2006		
Totalutval	.47 (.55)	.59 (.70)
Gutar	.50 (.58)	.58 (.67)
Jenter	.46 (.54)	.63 (.73)

Merknad 1: korrigerte korrelasjonar i parentes

Merknad 2: alle $p < .01$

Tabell 4

Pearson's Korrelasjonskoeffisientar for Kriterium-, Kontroll- og Prediktorvariablar

Variablar	1	2	3	4	5	6
1. Livstilfredsheit	1.0					
2. Skuletilfredsheit	.34**	1.0				
3. FAS	.12**	.04	1.0			
4. Subjektiv SØS	.26**	.14**	.19**	1.0		
5. Foreldrestøtte	.42**	.26**	.13**	.19**	1.0	
6. Lærarstøtte	.34**	.40**	.01	.13**	.35**	1.0

* $p < .05$ ** $p < .01$

Tabell 5

Standard Multipl Regresjonsanalyse for Prediksjon av Livstilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar

Prediktor variablar	<i>B</i>	<i>SE B</i>	Beta	<i>t</i>	Sig.	Part	Part ²
Lærarstøtte	.15	.02	.22	7.58	.00**	.20	.04
Foreldrestøtte	.37	.03	.35	12.16	.00**	.33	.11

** $p < .01$

Tabell 6

Hierarkisk Multippel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Livstilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar etter Kontroll av SØS

Prediktor variablar	<i>B</i>	<i>SE B</i>	Beta	<i>t</i>	Sig.
Steg 1					
FAS	.03	.01	.08	2.53	.01*
Subjektiv SØS	.14	.02	.21	6.83	.00**
Steg 2					
FAS	.02	.01	.05	1.75	.ns
Subjektiv SØS	.08	.02	.13	4.50	.00**
Lærarstøtte	.15	.02	.21	7.20	.00**
Foreldrestøtte	.34.	.03	.32	10.81	.00**

* $p < .05$

** $p < .01$

Tabell 7

Standard Multippel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Sosiale

Støttevariablar

Prediktor variablar	<i>B</i>	<i>SE B</i>	Beta	<i>t</i>	Sig.	Part	Part ²
Foreldrestøtte	.28	.05	.13	4.53	.00**	.13	.016
Lærarstøtte	.39	.03	.35	11.85	.00**	.33	.11

** $p < .01$

Tabell 8

Hierarkisk Multippel Regresjonsanalyse for Prediksjon av Skuletilfredsheit frå Sosiale Støttevariablar etter Kontroll av SØS

Prediktor variablar	<i>B</i>	<i>SE B</i>	Beta	<i>t</i>	Sig.
Steg 1					
FAS	.01	.02	.02	.5	ns
Subjektiv SØS	.14	.03	.14	4.32	.00**
Steg 2					
FAS	.004	.02	.01	.29	ns
Subjektiv SØS	.07	.03	.07	2.32	.02*
Foreldrestøtte	.21	.05	.12	3.94	.00**
Lærarstøtte	.83	.03	.35	11.39	.00**

* $p < .05$

** $p < .01$

Appendiks

STUDENT'S LIFE SATISFACTION SCALE (SLSS)

11. Sett ett kryss for hver påstand i den boksen som best beskriver hvor ofte du har følt deg slik i løpet av de siste ukene.

	Aldri	Av og til	Ofte	Nesten alltid
a) Jeg er fornøyd med hvordan jeg har det for tiden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b) Livet mitt går bra	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c) Livet mitt er akkurat slik det skal være	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d) Jeg kunne tenke meg å forandre mange ting i livet mitt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e) Jeg skulle ønske livet var annerledes	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
f) Jeg har et godt liv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
g) Jeg trives med hva som skjer i livet mitt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
h) Jeg har det jeg ønsker meg i livet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
i) Jeg har det bedre enn de fleste andre på min alder	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

SKULETILFREDSHEIT

10. Hvor enig er du i påstandene nedenfor? Sett et kryss for hver påstand.

	Helt enig	Enig	Verken enig eller uenig	Uenig	Helt uenig
a) Jeg gleder meg til å gå på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b) Jeg liker å være på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c) Det er mange ting ved skolen jeg ikke liker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d) Jeg skulle ønske jeg ikke måtte gå på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e) Jeg liker det vi holder på med på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

FORELDRESTØTTE

- 17. Les påstandene nøye og sett ett kryss for hver påstand. Hvis din far og mor ikke bor sammen, svar da for det hjemmet der du bor det meste av tida.**

	Helt enig	Enig	Verken enig eller uenig	Uenig	Helt uenig
a) Hvis jeg har problemer på skolen, er mine foreldre klar til å hjelpe meg.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b) Mine foreldre er villige til å gå på møter på skolen for å snakke med lærerne.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c) Mine foreldre oppmuntrer meg til å gjøre det bra på skolen.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d) Mine foreldre er interesserte i hva som skjer med meg på skolen.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
e) Mine foreldre er villige til å hjelpe meg med skolearbeidet.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

LÆRARSTØTTE



14. Nedenfor følger noen påstander om klasselæreren din. Se hver påstand.

	Helt enig	Enig	Verken enig eller uenig	Uenig	Helt uenig
a) Læreren min oppmuntrer meg til å si det jeg mener i klassen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b) Læreren vår behandler oss rettferdig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
c) Når jeg trenger ekstra hjelp fra læreren min, får jeg det	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
d) Læreren min er opptatt av hvordan jeg har det	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

FAMILY AFFLUENCE SCALE (FAS)

23. Hvor mange ganger har du reist bort på ferie sammen med familien din i løpet av det siste året (siste 12 måneder)?

- ingen
- en gang
- to ganger
- mer enn to ganger

24. Hvor mange PCer har familien din?

- ingen
- en
- to
- mer enn to

25. Har din familie bil?

- nei
- ja, en
- ja, to eller flere

26. Har du eget soverom?

- ja
- nei

SUBJEKTIV SOSIOØKONOMISK STATUS (Subjektiv SØS)

27. Hvor god råd har din familie?
(Sett bare ett kryss)

- svært god råd
- god råd
- middels god råd
- ikke særlig god råd
- dårlig råd